

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 149



JORDBRUKSSTATISTIKK  
1963

AGRICULTURAL STATISTICS

1963

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
OSLO 1964

## Noregs offisielle statistikk, rekkje XII

### Norway's Official Statistics, series XII

#### Rekkje XII

#### Prenta 1963

- Nr. 118 Jordbruksstatistikk 1962 *Agricultural statistics*
- 119 Alkoholstatistikk 1962 *Alcohol statistics*
- 120 Telegrafverket 1962 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
- 121 Industristatistikk 1961 *Industrial statistics*
- 122 Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1961 *Medical statistical report*
- 123 Jordbrukssteljinga i Noreg 20. juni 1959 V Oversyn *Census of agriculture V General survey*
- 124 Skogstatistikk 1957—1960 *Forestry statistics*
- 125 Skattestatistikk 1961 *Tax statistics*
- 126 Utenrikshandel 1962 III *External trade III*

#### Rekkje XII

#### Prenta 1964

- Nr. 127 Økonomisk utsyn over året 1963 *Economic survey*
- 128 Veterinærvesenet 1959 *Service vétérinaire*
- 129 Folketelling 1960 III Folkemengden etter næring, stilling og sosial status  
*Population census III Population by industry, occupation and status*
- 130 Meieribruket i Noreg 1962 *Norway's dairy industry*
- 131 Elektrisitetsstatistikk 1962 *Electricity statistics*
- 132 Psykiatriske sykehus 1961 *Hospitals for mental disease*
- 133 Folketelling 1960 IV Utdanning *Population census IV Education*
- 134 Samferdselsstatistikk 1962 *Transport and communication statistics*
- 135 Helsestatistikk 1962 *Health statistics*
- 136 Utenrikshandel 1963 I *External trade I*
- 137 Kredittmarkedstatistikk 1962 *Credit market statistics*
- 138 Kommunevalgene 1963 *Municipal elections*
- 139 Forsikringselskaper 1962 *Sociétés d'assurances*
- 140 Folketelling 1960 VIII Trossamfunn, fødested m. v. *Population census VIII Religious denomination, place of birth etc.*
- 141 Syketrygden 1962 *National health insurance*
- 142 Statistisk årbok 1964 *Statistical yearbook of Norway*
- 143 Industristatistikk 1962 *Industrial statistics*
- 144 Fiskeristatistikk 1962 *Fishery statistics*
- 145 Norges postverk 1963 *Statistique postale*
- 146 Folkemengdens bevegelse 1962 *Vital statistics and migration statistics*
- 147 Utenrikshandel 1963 II *External trade II*
- 148 Psykiatriske sykehus 1962 *Hospitals for mental disease*
- 149 Jordbruksstatistikk 1963 *Agricultural statistics*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 149



JORDBRUKSSTATISTIKK  
1963

AGRICULTURAL STATISTICS  
1963

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY  
OSLO 1964

## Utkomen før

Representativ landbrukstelling 1923 VII 117.

Landbruksareal og husdyrhold 1924 VII 153, 1925 VII 183, 1926 VIII 28, 1927 VIII 39, 1928 VIII 77, 1930 VIII 140, 1931 VIII 166, 1932 VIII 194, 1933 IX 16, 1934 IX 43, 1935 IX 71, 1936 IX 96.

Jordbruksstatistikk 1937 IX 132, 1938 IX 159, 1939—1944 X 99, 1945 X 117, 1946 X 148, 1947 X 161, 1948 X 195, 1949 XI 44, 1950 XI 69, 1951 XI 108, 1952 XI 127, 1953 XI 176, 1954 XI 202, 1955 XI 235, 1956 XI 276, 1957 XI 308, 1958 XI 341, 1959 XII 46, 1960 XII 54, 1961 XII 84, 1962 XII 118.

Jordbrukstelingen i Norge 1949:

Første hefte. Arealet, husdyrholdet m.v. XI 40.

Andet » Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. XI 71.

Tredje » De naturlige jordbruksområder XI 87.

Fjerde » Oversikt XI 103.

Jordbruksteljinga i Noreg 1959:

Første hefte. Areal, husdyrhald m.m. XII 40.

Andre » Maskinar og reiskapar m.m. XII 53.

Tredje » Eige- og leigetilhøve, arbeidskraft m.m. XII 79.

Fjerde » Dei naturlege jordbruksområda XII 88.

Femte » Oversyn XII 123.

Også i 1907, 1917, 1929 og 1939 var det særskilde jordbruksteljingar. Oppgåver over husdyrhald, utsæde m. m. vart henta inn saman med folketeljingane i 1835, 1845, 1855, 1865, 1875, 1890 og 1900. Ein viser også til Beretninger om amternes økonomiske tilstand (1827—1920).

Av statistiske publikasjonar som gjeld jordbruket, kan ein elles nemne meieristatistikken (årleg frå 1925) og veterinærstatistikken (årleg frå 1889) og av særskilde etterrøknader:

Husdyrbruket. Produksjon 1927/28 VIII 98.

» » 1946/47 XI 24.

Svineholdet 3. april 1934 og 1933 IX 38.

Pelsdyrtellingen 1. september 1934 IX 65.

» » 1936 IX 115.

» » 1946 X 151.

Beitetellingen 1935 IX 110.

Bureising med statsstøtte 1921—1936 X 1.

Gårdbrukernes og småbrukernes formue og gjeld 1932/33 IX 18.

Bøndenes bruttoformue og gjeld 1940, 1944 og 1946 X 183.

## **Føreord**

Dette heftet inneheld resultata frå utvalsteljinga i jordbruket pr. 20. juni 1963. Omframt dei vanlege oppgåvene over areal og husdyrhald, blei det i 1963 også henta inn oppgåver over bygningar i landbruket.

I heftet vil ein elles finne dei årlege oppgåver over avlingane i jordbruk og hagebruk, husdyrhald pr. 31. desember, kjøtkontroll, fjøskontroll, løner i jordbruk og skogbruk, omsetnad og prisar på fast eigedom m. v. Som i tidlegare årgangar av denne publikasjonen, er det også med eit oversyn over prisar på jordbruksprodukt og produksjonsmiddel m. v.

Konsulent Alfred Gustafson har stått for arbeidet med publikasjonen.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 6. juli 1964.

**Petter Jakob Bjerve**

---

Norvald Ones

## **Preface**

This publication contains the results from a sample survey, 20 June 1963. In addition to the statistics on area and livestock, data were this year also collected on buildings in agriculture.

This volume further contains statistics on agricultural and horticultural production, livestock at 31 December, controlled slaughtering, milk yield etc. registered at milk-recording societies, wages in agriculture and forestry, sales and prices of real property.

As in previous years this volume also contains a survey of prices of agricultural products and means of production etc.

The statistics have been prepared under the supervision of Mr. Alfred Gustafson.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 6 July 1964.

**Petter Jakob Bjerve**

---

Norvald Ones

## Innhald

	Oversyn	Tabellar	
	Side	Nr.	Side
I. Det statistiske materialet .....	7		
II. Jordbruk og hagebruk .....	8	1—16	28
1. Jordbruksarealet .....	8	1—5	28
2. Jorddyrking .....	8	6—7	33
3. Avlingane .....	9	8—16	34
a. Jordbruket .....	9	8—12	34
b. Hagebruket .....	10	13—16	42
III. Husdyrhaldet .....	10	17—35	46
1. Talet på husdyr .....	10	17—23	46
2. Husdyrprodukta .....	11	24—35	51
a. Samla produksjon .....	11	24—25	51
b. Meieridrifta .....	11	26—28	52
c. Kjøtkontrollen .....	12	29—31	53
d. Paringstatistikken for svin .....	12	32—33	55
e. Pelsskinn .....	12	34	55
f. Fjøs kontrollen .....	12	35	56
IV. Driftsmiddel .....	12	36—42	57
1. Maskinar og reiskapar .....	12	36—38	57
2. Kunstgjødsel og kraftfôr .....	13	39—42	58
V. Arbeidskraft i jordbruket .....	13	43—46	60
VI. Prisar, økonomi m.v. ....	14	47—68	62
1. Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel .....	14	47—55	62
2. Rekneskapsresultat i jordbruket .....	15	56—57	66
3. Jordbrukets totalrekneskap .....	16	58	67
4. Investeringar, lån, statstilskot .....	16	59—62	67
5. Løner i jordbruk og skogbruk .....	16	63—65	69
6. Prisar på faste eigedomar .....	17	66—68	71
a. Omsetnad av fast eigedom .....	17		
b. Prisar på jordbrukseigedomar .....	17		
VII. Driftsbygningar m.v. i jordbruket .....	18	69—76	74
1. Våningshus .....	19		
2. Driftsbygningar .....	19		
a. Branntakst .....	20		
b. Grunnflate og hustypar .....	20		
c. Golvflate .....	20		
d. Siloar. Ymse teknisk utstyr .....	21		
e. Husdyrrom .....	22		
f. Bruken av driftsbygningane .....	22		
g. Bygningsmateriale .....	24		
h. Innreiing m.v. i fjøsa .....	25		
i. Husdyrhaldet ved dei undersøkte bruka .....	25		
Samandrag på engelsk .....	26		
Vedlegg			
Skjema .....	91		

### Standardteikn

— Null

.. Oppgåve vantar

## Contents

	General survey Tables		
	Page	No.	Page
I. The statistical material .....	7		
II. Agriculture and horticulture .....	8	1—16	28
1. Agricultural area .....	8	1— 5	28
2. Cultivation .....	8	6— 7	33
3. Production .....	9	8—16	34
a. Agriculture .....	9	8—12	34
b. Horticulture .....	10	13—16	42
III. Livestock .....	10	17—35	46
1. Number of livestock .....	10	17—23	46
2. Livestock production .....	11	24—35	51
a. Total production .....	11	24—25	51
b. Dairy products .....	11	26—28	52
c. Controlled slaughtering .....	12	29—31	53
d. Covered sows .....	12	32—33	55
e. Fur production .....	12	34	55
f. Milk yield, etc., registered at milk-recording societies .....	12	35	56
IV. Means of production .....	12	36—42	57
1. Machinery and implements .....	12	36—38	57
2. Fertilizers and concentrated feeds .....	13	39—42	58
V. Labour force in agriculture .....	13	43—46	60
VI. Prices and working results .....	14	47—68	62
1. Prices of agricultural products and means of production .....	14	47—55	62
2. Working results in agriculture .....	15	56—57	66
3. Aggregate account of agriculture .....	16	58	67
4. Investments, loans, subsidies .....	16	59—62	67
5. Wages in agriculture and forestry .....	16	63—65	69
6. Prices of real property .....	17	66—68	71
a. Sales of real property .....	17		
b. Prices of agricultural real property .....	17		
VII. Agricultural buildings, etc. ....	18	69—76	74
1. Dwelling houses .....	19		
2. Agricultural buildings .....	19		
a. Fire insurance value .....	20		
b. Ground area and type of buildings .....	20		
c. Floor area .....	20		
d. Silos. Technical equipment .....	21		
e. Livestock rooms .....	22		
f. Utilization of agricultural buildings .....	22		
g. Building materials .....	24		
h. Equipment in cow-sheds .....	25		
i. Livestock on holdings reported .....	25		
English summary .....	26		
Appendix			
Questionnaire .....	91		

### Explanation of Symbols

- Nil
- .. Data not available



## Oversyn

### I. Det statistiske materialet

Pr. 20. juni 1963 blei det halde ei utvalsteljing for jordbruket etter liknande retningsliner som i åra 1960—1962.

Teljinga omfatta ca. 20 000 bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Det var 10 prosent av bruka med 5,1—100 dekar og 20 prosent av bruka med meir enn 100 dekar ved den fullstendige jordbruksteljinga i 1959. I utvalet var alle herad og bruksklassar representerte i høve til talet på bruk ved jordbruksteljinga. Innan kvar bruksklasse var bruka tekne ut tilfeldig. Utvalet som blei nytta i 1963, var det same som i 1960—1962.

Totaltal for areal og husdyrhald i 1963 er rekna ut for dei einskilde fylke på grunnlag av dei relative endringane i areal og husdyrhald frå 1959 til 1963 ved dei undersøkte bruka. Utrekninga gjeld såleis for bruk med over 5 dekar jordbruksareal, men det er gjort tillegg for bruk med inntil 5 dekar, med same areal og dyretal som i 1959.

I samband med areal- og husdyrteljinga 20. juni blei det i 1963 henta inn oppgåver over bygningane i jordbruket. Desse oppgåvene er omtala i eit særskilt kapitel.

Ei utvalsteljing for husdyrhald pr. 31. desember 1963 blei halden på same måten som ved førre årsskifte. Denne teljinga omfatta  $\frac{1}{5}$  av kommunane, men elles dei same bruka som ved teljinga 20. juni, i alt om lag 2 prosent av bruk med over 5 dekar jordbruksareal. På grunnlag av endringane i dyretalet frå juni til desember er det rekna ut totaltal for husdyrhaldet i heile riket under eitt.

Avlingsstatistikken for jordbruket byggjer på oppgåver frå jordstyret i kvar kommune. For hagebruket byggjer statistikken på oppgåver frå fylkeslandbruksselskapa.

For husdyrprodukta har Byrået produksjonsteljingar kvart femte år. Årlege oppgåver på eit noko anna grunnlag blir rekna ut av Budsjettnemnda for jordbruket.

Årlege oppgåver over lønene i jordbruk og skogbruk blir innhenta på spørjeskjema, som i januar månad blir sende nokre gardbrukarar i kvart herad.

Statistikken over omsetnad av faste eigedomar og utrekning av gjennomsnittsverdi pr. skyldmark for jordbrukseigedomar byggjer på oppgåver over tinglyste heimelsbyte.

Publikasjonen har også med ein del annan statistikk frå Byrået og andre institusjonar.

## II. Jordbruk og hagebruk. (Tab. 1—16)

Med fulldyrka jord meiner ein jord som har vore pløgt eller oppbroten til vanleg plogdjupn. Natureng og overflatedyrka jord gjeld slåtteng og kulturbeite som ikkje er fulldyrka. Ein tek ikkje med utslåtter, hamnehagar og anna udyrka beite i utmark. Frå 1959 er jordbruksarealet rekna som summen av fulldyrka jord og natureng og overflatedyrka jord. Tidlegare var også utslåttene med.

Produktiv skog etter skogbruksteljinga i 1957 er skog som stettar same minstekrav som Landsskogtakseringen reknar med ved revisjonstakseringane. Tala gjeld berre skogeigedomar med minst 25 dekar produktiv skog og/eller skogreisingsareal.

«Anna areal» er skilnaden mellom samla landareal etter Geografisk oppmåling og jordbruks- og skogarealet. Det meste er areal over skoggrensa. Dette arealet er rekna ut av Landsskogtakseringen, men seinare revidert i Byrået. «Anna areal» under skoggrensa omfattar såleis hagemark og utslåtter, myr under skoggrensa, uproduktiv mark (impediment) og areal nytta til byggjegrunn, vegar, jarnvegar m. v.

Samla landareal utgjer 95,3 prosent og ferskvatn 4,7 prosent av totalarealet.

### 1. Jordbruksarealet (Tab. 1—5)

Opgåver over jordbruksarealet og bruken av det blir for kvart år i tidsrommet mellom dei fullstendige jordbruksteljingane samla inn ved utvalsteljingar pr. 20. juni. Frå 1959 gjeld tala både bygdene og byane.

Kornarealet auka med vel 1 prosent frå 1962 til 1963. Byggarealet auka med 9 prosent. Det var nedgang på om lag 30 prosent for kveite og rug og 17 prosent for havre. Potetarealet i 1963 var 2,5 prosent større enn året før. Det var 10 prosent nedgang i arealet av grønfôr og 8 prosent nedgang for rotvokstrar og fôrmergkål under eitt. Det var stor auke i grønnsakarealet. Samla areal av åker og hage auka med 1 prosent. Det var nokon auke også for fulldyrka eng, men nedgang for natureng og overflatedyrka eng.

### 2. Jorddyrking (Tab. 6—7)

Etter jordbruksteljingane har arealet av fulldyrka jord auka med om lag 160 000 dekar frå 1959 til 1963. Heilt sikre tal for endringa frå år til år kan desse teljingane ikkje gi, av di det ikkje alltid er klart skilje mellom fulldyrka jord, overflatedyrka jord og natureng på dei einskilde bruka. Ein har heller ikkje årlege oppgåver over kor mykje dyrka jord som går bort til anna bruk.

Kring 1950 blei det nydyrka (fulldyrka) 30—35 000 dekar årleg med statsstønad. Nydyrkinga auka fram til 1959, då det blei fulldyrka vel 100 000 dekar. I 1963 hadde talet gått ned til knapt 60 000 dekar. Overflatedyrking med stønad har også gått noko attende, frå 25—30 000 dekar årleg i perioden 1950—1960 til 15 000 dekar i 1963.

Det er og gitt stønad til grøfting av tidlegare dyrka jord. Slikt grøfta areal har dei seinaste åra vore mellom 70 000 og 90 000 dekar.

### 3. Avlingane (Tab. 8—16)

Ved utgangen av kvar månad i tida mai—oktober blir det sendt ut melding frå landbruksdirektøren om veksttilhøva og avlingsvонene for jordbruks- og hagevokstrane. Ved utgangen av oktober blir det og gjort ei førebels utrekning av avlingsmengdene. Byrået reknar seinare ut dei endelege avlingsmengdene for jordbruksvokstrane etter oppgåver frå jordstyra og for hagebruksvokstrane etter oppgåver frå fylkeslandbruksselskapa (fylkesgartnarane).

Etter meldingane om veksttilhøva var vinteren 1962—63 streng over heile landet. Det var mykje frostskaide i frukthagar og planteskolar. Nordafjells kom våren tidlegare enn vanleg, men sør i landet blei våronn og vekst seinka av uvanleg kaldt og rått vår heilt til sist i mai. I juni var det drivande vår i Sør-Noreg, men kaldt i Nord-Noreg. Juli var til dels kjølig over heile landet, med nattefrost på utsette stader. I august var det uvanleg mykje nedbør på Austlandet og Sørlandet, men midt i september var det eit par veker med pent vår. Nordafjells var det for det meste godt og varmt vår til langt ut i september. Sist i september gjorde hauststormar skade fleire stader i landet. Det var framleis mildt og til dels pent vår også i oktober, men det var mykje nedbør i Nordland og Trøndelag, og særleg på Vestlandet.

#### a. Jordbruket (Tab. 8—12)

Avlingane av korn og erter til mogning blei i alt 599 000 tonn i 1963. Det var 123 000 tonn meir enn året før. Avlinga pr. dekar var 258 kg, utrekna til 96 prosent av eit middelsår, mot 207 kg og 75 prosent i 1962. Byggavlinga var 463 000 tonn (96 prosent av middelsåret). Havren gav i alt 113 000 tonn (95 prosent av middelsåret) og kveiten knapt 18 000 tonn (94 prosent av middelsåret). Av korn og erter i alt fekk austlandsfylka 90—100 prosent av eit middelsår, Agder og det meste av Vestlandet kring 90 prosent. Møre og Romsdal, Trøndelag og Nord-Noreg fekk for det meste over middelsårs avling. Det var stort sett betre kvalitet nordafjells enn elles i landet.

Potetavlinga i 1963 blei 1 218 000 tonn, eller 300 000 tonn meir enn året før. Avlinga pr. dekar var 2 358 kg, svarande til eit middelsår, mot 1 825 kg og 77 prosent av eit middelsår i 1962. Dei fleste austlandsfylka fekk nær middelsårs avling, men sørvest i landet, frå Vestfold til Hordaland, var avlinga mellom 83 og 93 prosent av eit middelsår. Vestlandet elles og fylka nordafjells fekk 106—115 prosent, med unntak av Finnmark med 96. Også for poteter var kvaliteten gjennomgåande betre nordafjells enn elles i landet.

Avlingane av rotvokstrar og fôrmergkål blei i alt 747 000 tonn, eller 100 000 tonn meir enn i 1962. Avlinga pr. dekar i 1963 var nær eit middelsår. Fôrnevene slo best til, medan fôrbetene berre gav 83 prosent av eit middelsår.

Høyavlinga i 1963 blei i alt 2 837 000 tonn, eller 28 000 tonn meir enn året før. På fulldyrka eng var avlinga pr. dekar 611 kg, eller 98 prosent av eit middelsår. Dette var nær det same som i 1962, medan naturenga gav noko større avling i 1963 enn året før. Alle austlandsfylka fekk godt over eit middelsårs høyavling, medan avlingane elles i landet stort sett varierte mellom 90 og 100 prosent.

Samla avling av jordbruksvokstrane (korn og erter, poteter, rotvokstrar og stråfôr) var i alt 2 242 mill. fôreiningar i 1963, mot 2 037 mill. i 1962. Avlinga i 1963 svara til 97 prosent av eit middelsår, mot 88 prosent i 1962. Avlinga frå beite er ikkje med i denne avlingsstatistikken.

I gjennomsnitt for dei siste 10 åra var prosenttalet 94,5. Det vil seie at «middelsåret» representerer eit avlingsnivå som ligg vel 5 prosent høgre enn gjennomsnittet av dei oppnådde avlingane. Avviket frå gjennomsnittet er ikkje det same for alle vokstrane. Det er større for åkervokstrane enn for eng. Dei utrekna middelsårsavlingane pr. dekar gir elles eit godt bilete av utviklinga i dyrkingsteknikk m. v. frå år til år, av di middelsåret er lite påverka av dei årlege skifte i vokstertilhøve og avlingsmengd.

«Middelsåret» er i avlingsstatistikken definert som den avlingsmengd ein ventar å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skipplar avlingsvonenene.

#### b. Hagebruket (Tab. 13—16)

Det var ujamn blomstring i frukthagane våren 1963, og avlingane skifte mykje etter distrikt og fruktsort. Hauststormar i september øydela ein del av avlingane, elles blei frukta godt utvikla utover hausten, og kvaliteten blei særst god. Samla fruktavling blei utrekna til 80 000 tonn, eller 75 prosent av eit middelsår, mot vel 90 000 tonn i 1962.

Hagebæra gav om lag middelsårs avling og i alt 32 600 tonn. Det var noko meir enn året før.

Det blei store avlingar av grønsaker, særleg av kål, gulrot og andre seine grønsakslag. Varmekrevjande slag som bønner og sylteagurkar slo dårlegare til. Kulturane under glas gav vanleg avling. Samla grønsakavling blei utrekna til 146 000 tonn, eller 105 prosent av eit middelsår, mot 113 000 tonn i 1962. Desse avlingstala gjeld hovudkulturane. Somme kulturar, som persille, salat, spinat m. v., er ikkje rekna med. Avlinga frå «kjøkkenhagar» er heller ikkje med.

### III. Husdyrhaldet (Tab. 17—35)

#### 1. Talet på husdyr (Tab. 17—23)

Talet på husdyr pr. 20. juni er rekna ut på grunnlag av utvalsteljingar kvart år mellom dei fullstendige jordbruksteljingane. Frå 1959 gjeld tala både bygder og byar.

Nedgangen i hestetallet har halde fram. Talet pr. 20. juni 1963 var 86 000, eller 8 prosent mindre enn året før. Med det oppalet ein til no har hatt, vil nedgangen halde fram enno nokre år. Talet på storfe i alt var 3 prosent mindre i 1963 enn i 1962. Det var nedgang både for ungdyr og vaksne kyr. For sau og geit var det ein liten auke i talet frå 1962 til 1963. Talet på svin pr. 20. juni var 6 prosent lægre enn på same tid året før. Det var nedgang både for slaktesvin og allssvin. Det var ein nedgang på ca. 3 prosent siste år i talet på høner og hønekylingar, mest for vaksne høner.

Frå 1953 har det også vore årlege husdyrteljingar ved årsskiftet. Av di desse teljingane berre omfattar vel 2 prosent av bruka med over 5 dekar jordbruksareal, reknar ein ut dyretallet berre for riket under eitt. Utrekninga gjeld buskaper i høve til talet pr. 20. juni same år, og utrekna totaltal til jamføring med åra før. Sesongendringa frå juni til desember varierer i regelen ikkje så mykje frå år til år. I desember 1963 var det likevel auke i svinetallet i høve til året før, medan juniteljinga hadde synt nedgang frå juni året før.

Byrået har ikkje årlege pelsdyrteljingar. Den siste fullstendige teljinga var i 1959. Norges Pelsdyrslag reknar ut dyretalet på grunnlag av oppgåver over alsdyr. Desse tala kan ikkje utan vidare jamførast med Byråets teljingar. Dei syner likevel utviklinga frå 1959, særleg auken i talet på mink.

I avsnittet «Husdyrhaldet ved dei undersøkte bruka» (side 25) er det gitt eit oversyn over talet på bruk som hadde dei ymse husdyrslag.

## 2. Husdyrprodukta (Tab. 24—35)

### a. Samla produksjon (Tab. 24—25)

I samband med utvalsteljinga i 1960 blei det henta inn oppgåver for utrekning av samla husdyrproduksjon i landet. Liknande produksjonsteljingar blei haldne i åra 1928, 1947, 1950 og 1955. For tidlegare år er det gjort ymse overslag over produksjonen på grunnlag av dyretalet. Teljinga i 1960 synte at det hadde vore auke i produksjonen av fleisk og egg dei siste 10 åra og nokon auke også i kjøtproduksjonen, medan mjølkeproduksjonen stort sett hadde halde seg på same nivået. Dette galdt landet under eitt. For dei einskilde landsluter og bruksklassar hadde utviklinga vore ulik for dei ymse produkt. Ein syner elles til Jordbruksstatistikk 1960, der produksjonsteljinga i 1960 er utførleg omtala.

Budsjettnemnda for jordbruket reknar årleg ut mengdene av husdyrprodukt på ein noko annan måte. Saman med produksjonsteljingane er også oppgåver over omsetnaden av husdyrprodukt lagde til grunn for utrekningane. Utrekninga gjeld heile jordbruksnæringa, og tala gjeld kalenderåret. For kjøt og fleisk er det dessutan den skilnaden frå produksjonsteljingane at Budsjettnemndas tal syner kva som er teke ut frå buskapen som slakt, medan produksjonsteljingane syner produksjonen som «tilvokster», der auke i buskapen er med som produksjon og nedgang i buskap blir dregen frå. Førebels oppgåve for 1963 (tabell 25) syner nedgang i produksjonen av kjøt, fleisk og egg, men auke for mjølk og ull.

Utanom slakt av dei vanlege husdyra reknar Budsjettnemnda med ein produksjon på 1 000—1 500 tonn kjøt av tamrein og ca. 200—300 tonn kaninkjøt pr. år. Samla produksjon av kjøt og fleisk, medrekna fjørfe, tamrein og kaninar, var såleis utrekna til 140 600 tonn i 1962 og 132 000 tonn førebels for 1963.

Om produksjon av pelsskinn sjå side 12.

### b. Meieridrifta (Tab. 26—28)

Byrået hentar inn fylkesvise oppgåver for kvar månad over innvegen mjølk, produksjon av mjølkeprodukt, lager m. v. ved meieri og mjølkefabrikkar. Statistikken blir innhenta gjennom mjølkesentralane. Rikstala blir gitt ut i Statistisk ukehefte.

Meir detaljerte årsoppgåver over meieridrifta blir innhenta frå kvart einskilt meieriføretak. Årsstatistikken blir prenta årleg i eigen publikasjon, Meieribruket i Noreg.

Det var framleis auke i innvegen mjølkemengd i 1963. Det var auke i mjølkesalet og smørproduksjonen, medan produksjonen av ost var om lag som året før.

Jamført med den utrekna totale produksjon av kumjølke utgjorde meierileveringa 83 prosent i 1963, mot 59 prosent i 1949—50 og 82 prosent i 1959—60.

c. Kjøttkontrollen (Tab. 29—31)

Oppgåvene frå kontrollveterinærane over offentleg kjøttkontroll blei utvida frå hausten 1959 til å gjelde både tal og vekt på førstegongs kontrollerte slakt. Fleire og fleire distrikt har etter kvart kome med i kjøttkontrollen. Særleg auke har det vore etter brigde i loven om slakteri m. v. i 1959. Dei kontrollerte slakt svarar om lag til heile salsproduksjonen av svin, hest og geit, 90—95 prosent av kalv og storfe og til om lag 75 prosent av salsproduksjonen av sau. I 1963 blei det kontrollert 104 000 tonn av desse husdyrslaga, mot 110 000 tonn året før. Utanom dette blei det i 1963 kontrollert 1 100 tonn fjørfeslakt, 1 100 tonn reinslakt (tamrein og villrein), 2 300 tonn kvalkjøt og 100 tonn slakt av andre dyr.

d. Paringsstatistikken for svin (Tab. 32—33)

Frå 1936 har Byrådet gjennom jordstyra henta inn oppgåver over talet på purker som er para. Oppgåvene kan i nokon mon syne brigde i fleskeproduksjonen året etter. Oppgåvene har vore rekna ut som relative tal i høve til same tid året før for jamførbare distrikt. Det har vore vanskeleg å få oppgåver frå alle rånehaldarar. Frå hausten 1959 er oppgåvene meir fullstendige, og med stønad i rånetalet ved jordbruksteljinga i 1959, har ein no rekna ut totale oppgåver over bedekte purker for åra 1960—1963. Desse tala syner sesongendinga gjennom året og gjev eit klarare bilete av utviklinga for ei årrekke enn dei relative tala. Tala for 1962 synte nedgang for fleskeproduksjonen i 1963, medan bedekningane i 1963 tyder på auke i 1964.

e. Pelsskinn (Tab. 34)

Overslag over samla produksjon av pelsskinn frå pelsdyrgardane blir gjort av Norges Pelsdyrslag på grunnlag av omsetnad m. v. Det meste av produksjonen blir selt til utlandet. Oppgåver frå handelsstatistikken gir difor også eit bilete av produksjonsutviklinga. I 1963—64 blei det eksportert ureidde pelsskinn av rev og mink for i alt 143 mill. kroner.

f. Fjøs kontrollen. (Tab. 35).

I 1963 var det 26 900 bruk med i alt vel 190 000 årskyr som var med i fjøskontrollen. Det var om lag like mange kyr som i 1962, trass i nedgangen i dyretalet etter husdyrteljinga. Vel  $\frac{1}{3}$  av kyrne i landet var under kontroll i 1963.

Mjølkeavdråtten pr. ku ligg høgre i dei kontrollerte buskapane enn gjennomsnittet for landet etter produksjonsteljingane, men avdråttstala kan ikkje samanliknast utan vidare.

#### IV. Driftsmiddel (Tab. 36—42)

##### 1. Maskinar og reiskapar (Tab. 36—38)

Oppgåver over maskinar og reiskapar i jordbruket har ein til vanleg berre ved dei fullstendige jordbruksteljingane. Ved utvalsteljingane i 1962 og 1963 blei det likevel henta inn oppgåver over talet på traktorar. På grunn-

lag av oppgåvene frå dei undersøkte bruk, er talet på traktorar i jordbruket rekna ut til 76 000 i 1962 og 81 500 i 1963. Auken i traktortalet frå 1959 til 1963 var i alt 25 700, av dette 8 000 2-hjuls. Frå 1. juli 1959 til 1. juli 1963 blei det innført over 41 000 traktorar, for det meste til jord- og skogbruk. Av dette var 11 600 2-hjuls.

Mykje av maskinutstyret i jordbruket blir innført frå utlandet, men mykje kjem og frå norsk industri, som dessutan har utførsle av somme av desse produkta. Verdien av slik utførsle var 33 mill. kroner i 1963.

## 2. Kunstgjødsel og kraftfôr (Tab. 39—42)

Gjennom oppgaver over omsetnad og lager har ein god kjennskap til forbruket av kunstgjødsel (handelsgjødsel) i landet for ei årrekke. Etter oppgaver for salssesongen 1962—63 var forbruket 458 000 tonn vare sommaren 1963. Av dette var 254 000 tonn fullgjødsel. Varemengdene er rekna om etter innhaldet av verdistoff (grunnstoffa nitrogen, fosfor og kalium). Samla forbruk i 1963 var 120 000 tonn verdistoff, og mengda har auka frå år til år, særleg for nitrogen. Høgprosentlege og allsidige gjødselslag utgjer ein aukande del av forbruket. Nesten all gjødsla blir nytta i jord- og hagebruk. Eit forbruk på vel 800 tonn urea gjekk for det meste til skogsgjødsling i 1963.

Innførsla av eigentlege kraftfôrslag var 320 000 tonn i 1963. Til dette kjem 74 000 tonn korn til fôr, slik at samla innførsle var nær 400 000 tonn eller om lag det same som året før. Omsetnaden av norskprodusert kraftfôr auka noko, til 414 000 tonn i 1963. Av dette var 235 000 tonn korn. Det var elles omsett knapt 30 000 tonn sildemjøl o. l. og produsert frå innførte råemne ca. 70 000 tonn kli og vel 80 000 tonn mjøl frå oljefrø.

Etter Statens Kornforretnings statistikk var samla tilgang til grossist 811 000 tonn i 1963 mot 785 000 tonn året før. Omsetnaden frå grossist synte likevel liten endring frå 1962 til 1963, med knapt 800 000 tonn både åra, når ein reknar med direkte sal frå bygdemøller m. v. Kraftfôrmengda omsett mot tilvising på prisrabatt har framleis gått noko attende. Omsetnaden til full pris auka såleis frå 540 000 tonn i 1962 til 551 000 tonn i 1963.

## V. Arbeidskraft i jordbruket (Tab. 43—46)

Frå ymse kjelder ligg det føre statistikk som syner utviklinga i sysselsetjinga i dei ymse næringar. Ei viktig kjelde er folketeljningane, som mellom anna syner talet på personar med hovudyrke i ulike næringar på ein gjeven teljingsdag. For dei seinare åra har Arbeidsdirektoratet gitt månadsoppgåver over sysselsette lønstakarar.

Særskilt for jordbruket er det henta inn oppgaver for utrekning av samla arbeidskraft gjennom eit driftsår, både i samband med dei fullstendige jordbruksteljingane (frå 1929) og ved utvalsteljingar i somme år.

I samband med utvalsteljinga i 1962 blei det såleis henta inn oppgaver over arbeidskrafta i driftsåret 1961—62.

Framgangsmåten ved denne teljinga var stort sett den same som ved tidlegare teljingar. Oppgåvene blei henta inn for dei same bruka som var med ved den årlege teljinga av areal og husdyrhald pr. 20. juni. Oppgåvene for desse bruka blei rekna om til totaltal for alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal, og ein nytta talet på brukseiningar som omrekningsfaktor. Desse

totaltala kan stort sett jamførast med tala frå dei tidlegare teljingane, med atterhald for somme mindre endringar i teljingsprinsipp og utrekningsmåte.

Oppgåvene er gitt som tal på personar og dagsverk. Oppgåvene over arbeid «på bruket» skal gjelde alt arbeid med jord- og hagebruk, husdyrhald og skog som høyrer bruket til, og dessutan arbeid med hushaldet på bruket. Arbeid i anna næringsverksemd skulle ikkje vere med. (Ved teljingar før 1959 skulle også særskilt hjelp til hogst og framdrift av tømmer til sal haldast utanfor.)

Samla arbeidskraft er rekna ut som «årsverk». Som eit normalt årsverk er rekna 280 dagsverk. Denne utrekninga er gjord på same måten som før når det gjeld arbeidshjelpa på bruka, men på ein litt annan måte enn før for brukarane sin del.

Særleg ved teljinga i 1962 har utrekningsmåten ført til noko sterkare differensiering av arbeidsinnsatsen til brukaren. Dette kjem særleg til syne i tala for utrekna årsverk i dei einskilde storleiksklassane. Ein viser elles til Jordbruksteljinga i Noreg, femte heftet, og til Jordbruksstatistikk 1962, der statistikken er nærare omtala. I tabell 46 er arbeidskrafta på bruka delt på jordbruket, skogbruket og hushaldet. Ein har her nytta røynsler både frå teljinga i 1959 og teljinga i 1962. Skogsarbeid på reine skogeigedomar er ikkje med, berre arbeid med skog som er driven i samband med jordbruk.

## VI. Prisar, økonomi m. v. (Tab. 47—68)

### 1. Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel (Tab. 47—55)

Det allmenne prisnivået var meir stabilt i 1963 enn i åra før, men engrosprisindeksen steig noko på slutten av året. Engrosprisindeksen gjekk opp med 4 prosent frå januar til desember og konsumprisindeksen med 2 prosent. Prisnivået for importvarer har halde seg nær uendra frå midten av 1959, men prisane har endra seg ein del for dei einskilde vareslag: Konsumprisane blei regulerte i mai 1963 ved auke av subsidiane på matfeitt, ost og mjølk, mjøl og gryn, og i august ved ein ny auke av subsidiane på mjølk.

Sommaren 1961 blei det ny jordbruksavtale for tida fram til 30. juni 1963. I mai 1963 blei det semje om ein ny avtale for eitt år fram til 1. juli 1964, i samband med lønsoppgjeret i andre næringar. Avtalen av 1963 byggjer på same prinsipp som avtalen av 1961. Somme vareprisar blei sette opp, og det blei rekna med at dette ville auke arbeidsinntekta i jordbruket med ca. 43 mill. kroner, eller vel 3 prosent av den budsjetterte årsinntekta på 1 231 mill. kroner i 1963. Kraftfôrordninga heldt fram, og midlar frå kraftfôravgifta skulle framleis nyttast til avsetnadstiltak og marknadsregulering.

Prisindeksen for jordbruket blir rekna ut ved Norges Landbrukshøgskole og syner prisendringane for nokre landbruksprodukt. Det er nytta vegne midtalt av prisar frå ymse distrikt i landet, og dei einskilde produkt er gitt vekt etter verdisummen i totalrekneskapen for jordbruket. Tala for 1963 syner noko nedgang frå året før for jordbruksprodukt i alt. Dette kjem av lægre prisar på planteprodukt hausten 1963 enn året før.

Kornprisane for avlinga 1963 var dei same som for 1962. For poteter, grønsaker og frukt sette jordbruksavtalen same normalprisar og prisgrenser som i førre avtaleperiode. Marknadsprisane på poteter og mange grønsakslag låg uvanleg høgt frå hausten 1962, men låg nær dei avtala normalprisane



hausten 1963. Somme grønsakprisar kom likevel over den øvre prisgrensa også hausten 1963. Dette gir høve til import, men det blei ikkje innført særleg store mengder. Prisane på norsk frukt låg for det meste under normalprisane hausten 1962 og var enno lægre hausten 1963, trass i at avlingane ikkje var sær store, og kvaliteten var god. Tabell 50 gir eit oversyn over marknadsprisane jamførte med dei avtala normalprisane og øvre prisgrense.

For kjøt, flesk og egg skal jordbruksorganisasjonane syte for å halde middelprisane for året på eller under prisar som er fastsette i jordbruksavtalen. For dei tidlegare avtaleår er desse prisane stort sett oppnådde. For okseslakt var prisane for 1962—63 noko høgere enn avtalen, for å bøte på sviikt i prisane på kuslakt. Ved avtalen for 1963—64 vart prisane sette noko opp.

Tilførslene av slakt gjekk attende i 1963. Det blei likevel utført vel 2 000 tonn kjøt, men utførsla i 1962 var 6 000 tonn. På andre sida blei det innført 2 700 tonn flesk i 1963. Det var framleis noko innførsle av egg, i alt 1 600 tonn i 1963, mot 1 100 tonn i 1962. Utførsla av smør gjekk attende frå 5 100 tonn i 1962 til 3 800 tonn i 1963, medan utførsla av ost auka til 13 800 tonn i 1963.

Prisreguleringa for mjølk og mjølkeprodukt var i 1963 som før. Grunntilskottet for all meierimjølk på 12,7 øre pr. l kumjølk i middel for året blei auka frå 1. juli 1963 til 14,2 øre. I tillegg kjem særtilskot for somme distrikt og eit driftstilskot, rekna etter mjølkemengda frå kvar einskild leverandør. Dei prisane som dei einskilde meieri kan betale til leverandørane, vil og rette seg etter driftskostnadene ved meieria. Skilnad i utbyte ved mjølkesal og produksjon av ymse slag mjølkeprodukt blir jamna ut gjennom eit riksoppgjer som Norske Mjølkeprodusenters Landsforbund står for.

Utanom jordbruksavtalen blei utsalsprisane for mjølk og ost sette ned i 1963, men auka att ved årsskiftet 1963—64, ved endringar i forbrukarsubsidiane.

Prisane på norsk ull blei auka noko frå 1. juli 1963.

Det var sær gode prisar på pelsskinn ved Oslo-auksjonane i desember 1963. I januar gjekk prisane noko ned, men dei heldt seg deretter godt oppe. Det var god avsetnad heile sesongen, trass i aukande tilbod av skinn.

For produksjonsmiddel i jordbruket var det framleis noko prisauke i 1963, for mange av varegruppene. I prisindeksen for jordbruket gjekk indekstalet for produksjonsmiddel og produksjonstenester opp frå 137 i 1962 til 141 i 1963 (1952 = 100).

## 2. Rekneskapsresultat i jordbruket (Tab. 56—57)

Eit oversyn over driftsresultata i jordbruket etter dei rekneskapane som Norges Landbruksøkonomiske Institutt arbeider med, er gitt i tabell 56. I 1962 var produksjonsinntektene 385 kroner pr. dekar, medan kostnadene utanom arbeid og renter var 224 kroner pr. dekar. Produksjonsinntektene auka med 11 kroner frå året før, og kostnadene med 15 kroner. Lønsevna, dvs. den samla arbeidsforteneste for familien og leigehjelpa, gjekk attende frå 135 kroner pr. dekar i 1961 til 131 kroner i 1962. Dette svarar til kr. 3,36, rekna pr. time.

Rekneskapsresultata er og utrekna pr. brukseining. Dersom ein tek med inntekt frå skogbruk og anna yrke utanom jordbruket, får ein samla arbeidsvederlag og forrenting. Frå dette går gjeldsrenter og kårtytingar, og ein får att nettoinntekta for familien. Rekna som uvegne gjennomsnitt for dei undersøkte bruka, var nettoinntekta 17 642 kroner i 1961 og 16 817 kroner i 1962.

### 3. Jordbrukets totalrekneskap (Tab. 58)

I samband med tingingane om jordbruksprisane har Budsjettnemnda for jordbruket gjort utrekningar over samla inntekter og utgifter for heile jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som dei Byrået nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i første rekkje syne kva verdi som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sett inn i jordbruket. Som kostnader reknar ein med verdien av varer og tenester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel, som maskinar, reiskapar og driftsbygningar. Den summen som då er att, kallar ein jordbruket sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskot. Etter frådrag av kapitalrenta kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft som er sett inn i jordbruket.

Tala for dei siste åra er reviderte i samband med ny utrekning av husdyrprodukt, og frå 1960 er rekneskapen sett opp for kalenderår, mot før driftsår.

### 4. Investeringar, lån, statstilskot (Tab. 59—62)

I tabellane er det gitt eit oversyn over investeringane i jordbruket dei seinaste åra etter nasjonalrekneskapen. Bruttoinvesteringa gjeld også kapitalslit — vedlikehald og avskrivningar — som er rekna med som årleg kostnad i totalrekneskapen.

Det er gitt oppgåver som syner den delen av utlåna frå bankar og kredittsamskipnader som fell på næringane jordbruk og skogbruk. Gjelda til private långjevarar og varegjeld til handlande er ikkje med i desse tala.

Gjennom statsbankane gir staten kreditt på rimelege vilkår. Utanom dette gir staten og direkte stønad til investeringar i jordbruket gjennom rentefritak og tilskot.

I tabellane finn ein oppgåver over statens utgifter til ymse slike formål, og dessutan eit oversyn over tilskot til prisregulering for jordbruksvarer m. v. over statsrekneskapen og gjennom Prisdirektoratets prisreguleringsfond.

### 5. Løner i jordbruk og skogbruk (Tab. 63—65)

Kvart år frå og med driftsåret 1915—16 er det innhenta oppgåver over lønene i jordbruket. Oppgåvene blir innhenta på spørjeskjema, som kvart år i januar blir sende til fire gardbrukarar i kvart herad. For driftsåret 1962—63 kom det inn om lag 900 oppgåver.

Oppgåvene skal gjelde den arbeidsløn som allment blir betalt i heradet. Det er altså ikkje individuelle lønsoppgåver. Løna blir oppgitt som månadsløn og dagløn på arbeidsgjevars kost eller på eigen kost, og spesifisert på menn og kvinner i ymse slag arbeid. Løn på arbeidsgjevars kost skal gjelde kontantløn, medan løn på eigen kost skal gjelde totalløna (medrekna frie naturalia).

Der det er oppgitt timeløn, har ein før rekna om til dagløn etter 8 timars dag. I 1960 blei den normale arbeidstida for tarifflynte arbeidarar sett til 45 timar pr. veke. Dette svarar til  $7\frac{1}{2}$  time pr. dag. I statistikken for 1963—64 er difor timeløner rekna om til dagløn etter  $7\frac{1}{2}$  times gjennomsnittsdag. Av omsyn til jamføringa er oppgåvene for 1962—63 rekna om på same måten. Desse gjennomsnittslønene avvik difor noko frå det som er gitt i Jordbruksstatistikk 1962.

Nokre av oppgåvene gjeld dagsforteneste og stykkeløn på akkordarbeid. Vanlege arbeids- og lønstilllegg skal vere med i oppgåvene, men ikkje feriegodtgjersle eller ferietillegg.

I høve til åra før, er det frå 1959—60 gjort nokre endringar i oppgåveskjemaet (sjå Jordbruksstatistikk 1959, s. 37). Dette har ført til at ein ikkje heilt ut kan jamføre alle lønskategoriane med oppgåvene for åra før 1959—60.

På grunnlag av dei oppgåvene som kjem inn, reknar ein ut lønene som middeltal for riket og fylka. Middeltala dekkjer over store variasjonar.

Etter oppgåvene for 1963—64 låg gjennomsnittslønene stort sett 5—8 prosent høgre enn året før. Sett i høve til nivået i 1959, har månadslønene i jordbruket auka med 30—40 prosent, medan hogstprisane for tømmer og ved har auka med ca. 25 prosent.

Frå 15. januar 1962 gjeld ein 2-års avtale fram til 15. januar 1964. Den leiande satsen for gardsarbeidarar over 21 år med 4 års praksis blei sett til kr. 5,— pr. time frå 15. januar 1962 og til kr. 5,50 frå 15. januar 1963.

For gartneri og hagebruk og for skogbruk er det særskilde avtalar.

## 6. Prisar på faste eigedomar (Tab. 66—68)

### a. Omsetnad av fast eigedom

Byråets årlege statistikk over omsetnad av fast eigedom byggjer på tinglysing av heimelsoverføringar. Oppgåvene omfattar ikkje ekspropriasjon av grunn til gater og vegar, men gjeld elles all omsetnad av grunn og byggverk. Oppgåvene gjeld både fri og tvungen omsetnad, familiesal og heimelsoverføring ved arv eller gåve. Talet på omsette eigedomar og salssum omfattar såleis eigedomar av skiftande slag og verdi, like eins som salsverdi eller verdsetjing byggjer på skiftande grunnlag.

For eigedomane i bygdene får ein og oppgåver over matrikkelskylda. Samla skyld ved dei omsette eigedomane har gjennomgåande vore mellom 15 000 og 20 000 skyldmark, eller om lag 3—4 prosent av samla skyld i landet. Det har etter kvart blitt skipa fleire og fleire små eigedomar, og desse blir omsette oftare enn dei større eigedomane. Dette har ført til at middels storleik av omsette eigedomar, målt i skyldmark, har gått ned frå om lag 1 mark i 1930-åra og til 38 øre i 1962.

### b. Prisar på jordbrukseigedomar

Særskilt for jordbrukseigedomar blir det utrekna middelprisar pr. skyldmark for eit utval av dei oppgåvene som er nemnde framanfor. Utvalet omfattar berre vanlege jordbrukseigedomar med minst 24 øre i skyld, i fri omsetnad til framande.

I 1930-åra var det om lag 3 000 eigedomar som låg til grunn for utrekningane av verdien pr. skyldmark. Dette talet har gått nedover, og for 1962 blei det nytta oppgåver berre for 976 eigedomar med ei samla skyld på 1 679 mark.

Som gjennomsnitt for åra 1958—1962 var skyldmarksprisen for slike eigedomar kr. 21 876 eller 123 prosent av gjennomsnittet for 1955—1959. Verdien pr. skyldmark var størst for små eigedomar. Gjennomsnittet for eigedomar med inntil 1 mark i skyld var kr. 39 387, mot kr. 18 258 for eigedomar med meir enn 1 mark i skyld.

## VII. Driftsbygningar m. v. i jordbruket (Tab. 69—76)

Ved dei fullstendige jordbruksteljingane har ein berre hatt høve til å ta med få og lite detaljerte spørsmål om bygningar på bruka.

Spørsmål om gjødselsoppsamlinga har ein tatt med ved alle teljingane frå og med 1929. Oppgåver for innlagt elektrisitet har ein frå og med jordbruksteljinga i 1918 og for innlagt vatn frå og med 1939. Ved teljinga i 1959 blei det ikkje spurt etter innlagt vatn og elektrisitet.

Frå og med 1939 har ein hatt med spørsmål om siloar.

I 1949 fekk ein dei første oppgåvene over storleiken (grunnflata) og alderen på driftsbygningane. I 1959 blei det tatt med ein del nye spørsmål om driftsbygningane, og det blei dessutan henta inn ein del oppgåver om våningshusa.

Oppgåvene frå dei fullstendige teljingane finn ein i publikasjonane frå dei respektive jordbruksteljingar. Oppgåvene for 1959 er tekne inn i Jordbruksteljinga i Noreg 1959, 3. og 4. hefte (NOS XII 79 og XII 88). I hefte 5 (NOS XII 123) frå same teljinga (oversynsheftet) er det gitt ein nærare omtale av resultatata. Der er dei og samanlikna med resultatata frå tidlegare teljingar.

I samband med utvalsteljinga i 1953 blei det henta inn opplysningar om kva tilstand driftsbygningane var i, og om vassforsyninga på bruka. Resultata finn ein i Jordbruksstatistikk 1953 (NOS XI 176).

Også ved utvalsteljinga i 1957 blei det henta inn ein del opplysningar om bygningane. Ved denne teljinga blei det lagt mest vekt på våningshusa og tekniske hjelpemiddel i desse. Resultata er å finne i Jordbruksstatistikk 1957 (NOS XI 308).

Ved utvalsteljinga i 1963 fekk ein langt meir detaljerte bygningsoppgåver enn ein hadde frå før. Det var berre med eit par spørsmål som galdt våningshusa, men for driftsbygningane var det ei rekkje spørsmål om m. a. storleik, bygningsmateriale, romfordeling, teknisk utstyr og bruken av bygningane.

Det skjemaet som blei nytta og rettleiing for utfyllinga, er tatt inn som vedlegg bak i boka.

Til utvalsteljinga i 1963 kom det inn oppgåver frå 21 639 bruk. Det same materialet er med i bygningsteljinga, men ikkje alle bruka gav oppgåver om bygningane.

Materialet er gruppert på bruksgrupper etter storleiken på jordbruksarealet i 1959 ved dei einskilde bruka. Ein del av bruka hadde noko større areal i 1963 enn i 1959. På andre bruk hadde arealet minka, og somme bruk var ikkje lenger sjølvstendige brukseiningar i 1963. (Om endringar i bruksstorleiken, sjå Jordbruksstatistikk 1962, side 52.)

I utvalet — som byggjer på bruksstrukturen i 1959 — har ein med 20 prosent av alle bruka over 100 dekar og 10 prosent av alle bruka mellom 5 og 100 dekar. Oppgåvene frå bruka over 100 dekar er omrekna, slik at også denne bruksgruppa veg med ca. 10 prosent i det endelege resultat frå teljinga. Dei brukstala som er gitt (19 634) svarar såleis til bruksstrukturen i 1959, og utgjer om lag 10 prosent av alle bruka med over 5 dekar (198 315 i 1959).

Ein viser elles til avsnittet «Det statistiske materialet» fremst i boka.

Bygningsteljinga sette store krav til teljarane, som stort sett gjorde eit godt arbeid. Det kunne vere vanskeleg å svare på somme av spørsmåla. Ein del mistydingar gjorde seg gjeldande, og det var relativt fleire bruk utan svar eller med svar som ikkje kunne nyttast enn vanleg ved desse utvalsteljingane.

For dei fleste teljingsobjekta har ein ikkje tilsvarende oppgåver frå tidlegare. Ein har då heller ikkje den kontrollen som ligg i samanlikning med eldre oppgåver. Resultata frå teljinga bør difor tolkast med ei viss varsemd.

### 1. Våningshus

Under nemninga våningshus skulle ein ha med hovudbygning, kårstove, drengestove o. a. hus som vesentleg blei nytta som bustad.

For 2,4 prosent av bruka over 5 dekar blei det oppgitt at dei var utan våningshus i 1963. I 1959 var det 2,0 prosent.

På 5,5 prosent av bruka budde det ikkje folk. Somme av desse bruka var ikkje lenger sjølvstendige brukseiningar. Sidan 1959 kan dei vere samanlegne med andre bruk, dei kan vere utparsellerte til tomter, liggje ubrukte eller på annan måte blitt borte som sjølvstendige einingar.

I visse tilfelle kan det elles bu folk også på slike bruk som ikkje lenger er eigne einingar. På den andre sida treng ikkje eit bruk vere nedlagt fordi om der ikkje er busetnad. Det kan vere ymse årsaker som gjer at dei som driv bruket ikkje bur der.

Dersom ein reknar med at det ikkje budde folk på dei bruka som mangla våningshus, kjem ein til at det dessutan var 3 prosent av bruka som hadde våningshus, men var utan busetnad.

Bruka med våningshus hadde gjennomsnittleg 1,1 hus. Det er i første rekkje dei større bruka som har meir enn eitt våningshus (sjå elles s. 219 o. flg. i 5. hefte frå jordbruksteljinga i 1959).

På storparten av bruka blei noko av våningshuset nytta til lager m. v. for gardsdrifta. Det var t. d. potetkjellar for gardsdrifta i våningshuset på 75 prosent av bruka med våningshus.

Det var berre 8 prosent av bruka som nytta rom i våningshuset til mjølkerom for gardsdrifta.

Branntaksten på bygningane kan i nokon mon takast som uttrykk for storleik og kvalitet på bygningane. Branntrygda er ordna på ulike måtar og byggjer på ulike grunnlag frå bruk til bruk. Taksten gir difor ikkje noko fullgodt uttrykk for verdien av bygningane.

Ein har ikkje oppgåver over grunnflate eller golvflate i våningshusa. Oppgåvene viser difor berre takstsummen utrekna som gjennomsnittstakst pr. bruk.

Branntaksten for våningshusa var i gjennomsnitt knapt kr. 55 000 pr. bruk for dei som hadde gitt oppgåve. For bruka mellom 5 og 100 dekar var gjennomsnittet kr. 47 000, og for større bruk kr. 122 000. Det var distriktstvis variasjonar, som i sterk grad var eit resultat av bruksstrukturen.

### 2. Driftsbygningar

Ved teljinga var driftsbygningar definert som andre hus (andre enn våningshus) som heilt eller delvis hadde med gardsdrifta å gjere. Stabbur og bryggjarhus skulle reknast som driftsbygning. Bygningar «utanom tunet», utløer, sommarfjøs, seterhus skulle vere med, sameleis hus på «underbruk» (hus på bruk som var lagt til teljingsbruket ved kjøp, leige o. l.). Hus under bygging skulle vere med, dersom ein rekna at dei blei ferdige i 1963. Derimot skulle ein ikkje ha med hus som ikkje var i brukande stand og som heller ikkje skulle setjast i stand.

Vel 2 prosent av bruka var utan driftsbygning i 1963.

### a. Branntakst

Branntaksten for driftsbygningane var gjennomsnittleg kr. 46 000 for dei bruka som hadde gitt oppgåve. Takstsummen auka sterkt med bruksstorleiken, frå kr. 18 000 for bruk mellom 5 og 20 dekar, til kr. 57 000 i bruksgruppa 50—100 dekar og kr. 147 000 for større bruk.

Rekna pr. dekar jordbruksareal svara branntakstane til kr. 876 som gjennomsnitt for alle bruk over 5 dekar. Gjennomsnittstala for bruk av ymse storleik syner at driftsbygningane er ei større økonomisk tyngsle for dei små bruka enn for dei større. I bruksgruppa 5—20 dekar svara taksten til kr. 1 400 pr. dekar, medan den var vel kr. 800 ved bruka over 50 dekar. Dette gjorde seg gjeldande trass i at branntaksten, utrekna pr. m<sup>2</sup> bygningsgrunnflate, var minst på dei små bruka.

Av dei som gav opp branntakst for driftsbygningane, var det 23 prosent som svara at det var nyverditakst. Gjennomsnittstaksten for desse var kr. 70 000. Det var og 23 prosent som gav opp dagsverditakst, gjennomsnittleg kr. 50 000 pr. bruk. 39 prosent gav opp at det var fast trygdesum. Gjennomsnittet for desse var kr. 32 000. For 15 prosent av bruka, med ein gjennomsnittleg takst på kr. 43 000, var det ikkje opplyst noko om trygdemåten. Opplysningane over takstmåte er usikre. Det er ting som tyder på at mange, sjølv av dei som har gitt svar, ikkje har vore heilt klare over takstmåten. Det kan og vere at dei ymse driftsbygningar på bruket ikkje er trygda på same vilkår.

### b. Grunnflate og hustypar

Oppgåvene over grunnflata på bygningane gjeld utvendig mål. Gjennomsnittet for alle bruk med oppgåve var 220 m<sup>2</sup>. Dette var noko meir enn ved jordbruksteljinga i 1959, då gjennomsnittet var 189 m<sup>2</sup>. Skildnaden skriv seg i første rekkje frå at ein i 1963 tok med ein del bygningar utanom det ein til vanleg kallar driftsbygningar (stabbur, bryggjarhus m. v.). Tala kan såleis ikkje samanliknast utan vidare.

Grunnflata på driftsbygningane aukar med aukande bruksstorleik, men relativt sett (i høve til jordbruksarealet) aukar grunnflata med avtakande bruksstorleik.

Den vanlegaste typen av driftsbygningar var kombinasjonen låve og husdyrrom m. m. Slik bygging var det på ca. 98 prosent av bruka med oppgåve. Denne hustypen utgjorde 74 prosent av samla bygningsgrunnflate. Dei andre hustypene var langt mindre vanlege. Dei representerte til saman fjerdeparten av samla grunnflate. (Særskilde husdyrbygningar 4 prosent, stabbur og bryggjarhus 7 prosent, andre hus på tunet 8 prosent og bygningar utanom tunet 7 prosent.)

### c. Golvflate

Oppgåvene over golvflate skulle gjelde utvendige mål, på same måte som grunnflate. Golvflata skulle fordelast på høgd (etasjar) og etter kva slag rom det var. Oppgåvene over golvflate er av dei mest usikre ved denne teljinga.

Kjellargolvflata blei oppgitt for tre fjerdepartar av bruka med oppgåve over driftsbygningane. Samla golvflate for kjellar svara til fjerdeparten av grunnflata. På dei bruka som hadde gitt oppgåve for kjellar, var gjennomsnittleg golvflate 69 m<sup>2</sup>. Det meste var gjødselkjellar og potetkjellar.

Golvflata i 1. høgd svarar til grunnflata av bygningane.

Golvflate for 2. høgd var oppgitt for ca. 70 prosent av bruka. Gjennomsnittet for desse bruka var 131 m<sup>2</sup>. Oppgitt samla golvflate i 2. høgd svara til vel 40 prosent av samla grunnflate.

Det var få, berre 2 prosent, som gav opp golvflate i 3. høgd. Desse hadde gjennomsnittleg 97 m<sup>2</sup> golvflate i 3. høgd. I tillegg til dette kjem køyrebru over 2. høgd, som blei oppgitt for tredjeparten av bruka. Golvflata av køyrebrua (innan huset) var 72 m<sup>2</sup> i gjennomsnitt for desse bruka.

Samla golvflate av kjellar, 2. høgd og 3. høgd (utan køyrebru) svara til 66 prosent av samla grunnflate. Oppgitt golvflate i driftsbygningane var såleis 66 prosent større enn grunnflata. Gjennomsnittleg grunnflate for alle bruk var 220 m<sup>2</sup>. Gjennomsnittleg golvflate var 366 m<sup>2</sup>.

Kornlager i stabburet var oppgitt for 12 prosent av bruka med oppgåve over driftsbygning. Lagerplassen svara til 26 m<sup>2</sup> pr. bruk med oppgåve. 5 prosent hadde anna kornlager i driftsbygningane, gjennomsnittleg 40 m<sup>2</sup>.

Det var 27 prosent som gav opp maskinrom m. v., gjennomsnittleg 55 m<sup>2</sup> pr. bruk med oppgåve.

62 prosent gav opp at dei hadde gjødselkjellar (medrekna lannkum), på gjennomsnittleg 59 m<sup>2</sup>. Gjødselhus eller gjødselplass med tak over blei oppgitt for 12 prosent av bruka. Gjennomsnittstorleiken var 34 m<sup>2</sup>.

Husdyrrom var oppgitt for 98 prosent av bruka. Desse hadde i gjennomsnitt 91 m<sup>2</sup> husdyrrom. Meir detaljert omtale av husdyrromma under «Husdyrrom».

Rekna som gjennomsnitt for alle bruk med oppgåve over driftsbygningane utgjorde korn- og potetlager, maskinrom og gjødsellager 67 m<sup>2</sup> og husdyrromma 90 m<sup>2</sup>. Utrekna rest av golvflata, 209 m<sup>2</sup>, var lagerplass for stråfôr, kraftfôr og kunstgjødsel, siloar m. m.

Potetlager i driftsbygningen var oppgitt av vel 20 prosent. Gjennomsnittleg lagerrom for desse var 35 m<sup>2</sup>. I tillegg til dette kjem potetlager i våningshusa.

I 1963 blei det dyrka poteter på 80 prosent av bruka som var med i teljinga. Like mange var det og som hadde potetkjellar eller anna lagerrom for poteter.

Av dei som hadde slikt lagerrom, var det 76 prosent som berre hadde potetkjellar i våningshus, 15 prosent hadde lagerrom både i våningshus og driftsbygning og 9 prosent berre i driftsbygning.

Også ved den fullstendige jordbruksteljinga i 1959 blei det oppgitt at det var rom for potetlagring på 80 prosent av bruka over 5 dekar. Samla lagerrom blei då oppgitt til 2,7 mill. m<sup>2</sup>. Dersom ein går ut frå same samla golvflate i 1963, vil det seie at gjennomsnittstorleiken på potetkjellarane i våningshusa var 10 m<sup>2</sup>.

#### d. Siloar. Ymse teknisk utstyr

Ved teljinga skulle ein gi opp permanente potetsiloar i kvadratmeter grunnflate. For permanente grassiloar skulle ein ha oppgåve over talet på siloar og samla rominnhald.

Det var permanente potetsiloar på 7 prosent av bruka. Grunnflata var 7 m<sup>2</sup> i gjennomsnitt for desse bruka.

Talet på bruk med permanente potetsiloar var mykje mindre enn talet på bruk som år om anna får utbetalt trygd for potetsilo. Det må såleis vere mange som legg potetsilo i meir provisoriske siloar.

Det var permanente grassiloar på 30 prosent av bruka. I 1959 var det 24 prosent. Gjennomsnittstorleiken på siloane var 41 m<sup>3</sup> i 1963, mot 36 m<sup>3</sup> i 1959. Gjennomsnittleg rominnhald pr. bruk med slik silo var 55 m<sup>3</sup> i 1963 og 45 m<sup>3</sup> i 1959. I 1963 var det gjennomsnittleg 1,3 siloar pr. bruk med silo. I 1959 var det 1,2.

Knapt tre fjerdepartar av dei permanente grassiloane var mur- eller betongsiloar, og vel ein fjerdepart var tresiloar. Det var relativt fleire mur/betongsiloar enn før.

Det blei oppgitt at det var utvendig låvebru på 75 prosent av bruka med bygning.

Berre 3,9 prosent av bruka hadde låveheis.

Transportvifte for høy blei oppgitt for knapt 2,1 prosent av bruka, og transportvifte for silo for 1,5 prosent.

Det var berre 0,3 prosent som gav opp at dei hadde tørkeanlegg for høy. Tørkeanlegg for korn var oppgitt for 1,6 prosent av bruka.

3 prosent av bruka hadde eige halmlutingsanlegg.

#### e. Husdyrrom

Vel 2 prosent av teljingsbruka var utan driftsbygning. Dessutan var vel 2 prosent av dei som hadde bygning, utan husdyrrom.

I gjennomsnitt for bruk med husdyrrom var golvflata av desse 91 m<sup>2</sup>, utvendig mål.

Opgåvene gjeld vinterrom. Husdyrromma er grupperte etter hovudføremålet då huset blei bygd, etter grundig og varig ominnreiing eller ombygging. Ein stall skulle t. d. først opp som stall, utan omsyn til om han ved teljinga blei nytta til stall, hønsehus, svinehus, lagerplass eller anna. Berre dersom stallen var varig omgjord til t. d. svinehus, skulle rommet reknast som svinehus. Som kombinerte fjøs skulle berre reknast husdyrrom som var bygd for fleire dyreslag og som det ikkje var rimeleg å føre opp på andre grupper.

Av samla golvflate var halvparten storfefjøs og vel 15 prosent kombinerte fjøs. Saue- og geitehus, svinehus, hønsehus og stall utgjorde kvar for seg 8—9 prosent av golvflata.

Husdyrhaldet varierer distriktsvis og etter bruksstorleik. Dette gir seg sjølvsagt utslag i storleiken av husdyrromma og fordelinga på romtyper. Store bruk hadde såleis relativt meir stallplass enn mindre bruk. På Vestlandet var etter måten mykje av husdyrromma saue- og geitehus. Fjøset dominerte likevel i alle bruksklassar og distrikt. Storfefjøs og kombinerte fjøs til saman utgjorde over alt 50—70 prosent av golvflate husdyrrom. Berre 6 prosent av bruka med husdyrrom hadde ikkje fjøs, men det var mange bruk med fjøs som ikkje hadde storfe. Dette skriv seg frå at det i dei seinare åra har blitt fleire og fleire bruk utan storfe. I 1949 var det t. d. 192 000 av i alt 213 000 bruk over 5 dekar (90 prosent) som hadde mjølkekyr. I 1959 var det 148 000 av 198 000 bruk (75 prosent).

#### f. Bruken av driftsbygningane

Ved teljinga i 1963 fekk ein og oppgåver over driftsbygningar og husdyrrom som ikkje blei nytta. Det kan vere mange årsaker til at husa eller delar av husa ikkje er i bruk. I somme høve er ikkje husa skikka etter dei krav ein no set til dei. Det kan og vere at gode eller nye hus ikkje lenger er nødvendige for drifta, t. d. fordi ein har gått over til annan driftsmåte. I visse



høve kan bruket vere nedlagt, eller det er lagt inn under eit anna bruk som har tilstrekkeleg bygningskapasitet frå før.

Bygningar som ikkje lenger er i bruk til jordbruksføremål, kan i nokon mon vere nytta til andre føremål, t. d. som lagerplass.

For 8 prosent av bruka med oppgåve over driftsbygningane var det oppgitt at dei hadde bygningar (men det treng ikkje vere alle bygningar på bruket) som ikkje blei nytta til noko føremål. Desse bygningane representerte 4 prosent av total grunnflate. Dessutan blei det for nærare 3 prosent av bruka oppgitt at dei hadde driftsbygningar (heile bygningar eller delar av bygningar som elles blir nytta til jordbruket) som blir nytta til anna enn jordbruksføremål. Dette representerte 1 prosent av grunnflata på driftsbygningane. Det var serleg på Austlandet det var slike bygningar.

Ei anna sak er det at mange driftsbygningar nok er i bruk, men utan å vere fullt utnytta. Teljinga gav ein del opplysningar om dette for husdyrromma.

Knapt 18 prosent av teljingsbruka var heilt utan husdyr i 1963. Ein del av desse hadde ikkje driftsbygning, og somme hadde driftsbygning, men ikkje husdyrrom. Storparten av dei husdyrlause bruka hadde likevel husdyrrom. Det var såleis husdyrrom, men ikkje husdyr på 12 prosent av alle bruka med driftsbygning.

På 11 prosent av bruka med husdyrrom var det eitt eller fleire slike rom som ikkje vart nytta. Desse romma svara til vel 6 prosent av samla golvflate husdyrrom. For vel 1 prosent av bruka blei det oppgitt at dei hadde husdyrrom som blei nytta til anna enn jordbruksføremål. Golvarealet i desse romma svara til knapt 1 prosent av samla golvflate av husdyrromma.

Oppgåvene over husdyrromma blei jamførte med husdyroppgåvene pr. 20. juni. Knapt 6 prosent av bruka med husdyrrom hadde korkje fjøs eller storfe, og vel 22 prosent hadde fjøs, men ikkje storfe.

Oppgåvene over kva fjøsa (storfefjøs og kombinerte fjøs) blei nytta til, viste at knapt 69 prosent av dei blei nytta mest til storfe og vel 6 prosent til storfe og andre dyr. Desse 75 prosent av fjøsa hadde 81 prosent av samla golvflate fjøs.

9 prosent av fjøsa blei nytta til andre dyr, og vel 1 prosent til andre føremål. 14 prosent var unytta. For bortimot 1 prosent av fjøsa var det ikkje opplyst kva dei blei nytta til.

Det var mest små bruk som hadde husdyrrom utan husdyr. Av golvflate fjøs som ikkje blei nytta, eller blei nytta til andre føremål, var 30 prosent på bruka mellom 5 og 20 dekar, 28 prosent på bruka mellom 20 og 50 dekar, 17 prosent på bruk mellom 50 og 100 dekar og 25 prosent på større bruk.

Det var særleg fjøs, stall og svinehus som blei nytta til andre dyreslag, andre føremål eller stod tomme. Samstundes var om lag tredjeparten av hestane, sauene og svina å finne på bruk der det ikkje var stall, sauehus eller svinehus. Fjerdeparten av hønsa var på bruk som ikkje hadde hønsehus. Desse dyra sto altså på rom som ikkje var laga spesielt for dei.

Av alle bruka med husdyrrom var det 25 prosent som hadde både stall og hest. 12 prosent hadde stall, men ingen hest, 14 prosent hadde hest, men ikkje stall, og 49 prosent hadde korkje stall eller hest.

Det var saue- og/eller geitehus med sauer og/eller geiter på 21 prosent av bruka. 3 prosent hadde hus, men ikkje dyr, og 26 prosent hadde dyr, men ikkje hus. 50 prosent hadde ikkje spesielle rom til desse dyra, og heller ikkje dyr.

Av alle bruk med husdyrrom var det 15 prosent som hadde både svinehus og svin, 7 prosent hadde svinehus, men ingen svin, 22 prosent hadde svin, men ikkje svinehus, og 56 prosent hadde korkkje svin eller svinehus.

Det var 17 prosent som hadde både hønsehus og høns. 5 prosent hadde hønsehus, men ikkje høns, og 20 prosent hadde høns, men ikkje hønsehus. 58 prosent hadde korkkje hønsehus eller høns.

Då teljinga synte at husdyra i stor mon blir haldne på rom som er bygde for andre husdyrslag, har ein freista finne eit uttrykk for samla husdyrhald i høve til golvflata.

Buskapen er rekna om til «einingar» etter den plassen dyra treng. Eininga er sett lik 1 m<sup>2</sup> plassbehov. Det er rekna med følgjande plass pr. dyr:

Hest	15,0 m <sup>2</sup>
Storfe	5,5 »
Sau	0,7 »
Geit	1,5 »
Svin	1,8 »
Høns og kyllingar	0,2 »

Det er buskapen 20. juni 1963 som er lagt til grunn for utrekninga. Då det her er snakk om vinterrom, vil det vere ein del dyr som kjem med i utrekninga, men som ikkje treng rom. Dette er det teke omsyn til i plassbehovet for dyra. Det gjeld i første rekkje sauene, der vinterbuskapen ikkje er stort meir enn halvparten av sommarbuskapen.

Det er ikkje teke omsyn til aldersfordelinga, buskapsstorleiken og dyretalet på dei einskilde bruka. I praksis kan desse tinga føre til avvikande plassbehov.

Sjølv om dette er ei grov utrekning, syner den store variasjonar i utnyttinga av husdyrromma. Det er såleis ikkje berre dei husdyrlause romma som er årsak til dette, men også dei romma der det står færre dyr enn dei er bygde for.

Dersom ein legg til grunn det plassbehov som er nemnt ovanfor for dei ymse dyreartar, finn ein at bruka med husdyr gjennomsnittleg hadde 65 «einingar», dvs. eit plassbehov på 65 m<sup>2</sup>. Desse bruka hadde gjennomsnittleg 97 m<sup>2</sup> husdyrrom. Kapasitetutnyttinga var såleis 67 prosent. Det var 54 prosent ved bruk mellom 5 og 20 dekar, ca. 70 prosent ved bruk mellom 20 og 100 dekar og 64 prosent for større bruk. I dei fleste fylka var prosenttala 60—70, men i Rogaland 90 prosent.

Bruk med husdyrrom, men utan husdyr, er ikkje med i denne utrekninga. Dersom ein også tek desse med (reknar plassbehovet for alle husdyr i prosent av samla golvflate husdyrrom) blir prosenttalet 62.

#### g. Bygningsmateriale

Det blei henta inn ein del opplysningar om bygningsmateriale i driftsbygningane. Svært ofte er det nytta fleire materialtypar på same bruk og i same bygning. Oppgåvene kan difor berre gi eit grovt oversyn.

Dersom ein fordeler heile grunnflata av driftsbygningar på bruka etter taktekkingsmaterialet på låven, syner det seg at 40 prosent var tekt med plater (bølgjeblekk, aluminiumsplater, eternit o. l.). Det var stein (skifer, teglstein, sementstein) på 50 prosent, og anna materiale (takpapp, flis, spon o. a.) på 10 prosent.

For fjøsbygningane vart det spurt om kva materiale som var nytta til golv, himling og veggjar. Blanda konstruksjonar var mest vanleg. Det var særleg mindre fjøs som var bygde heilt av tre, og særleg større fjøs som var oppførte heilt av mur/betong.

#### h. Innreiing m. v. i fjøsa

Ved teljinga var det med nokre få spørsmål om fjøsinnreiing. Svara var ikkje alltid så fullstendige og gode som ein kunne ynskje. Oppgåvene skulle gjelde alle fjøs, også dei utan storfe.

Det blei gitt oppgåver om innreiinga for 92 prosent av bruka med fjøs.

For 53 prosent av desse var det oppgitt at dei hadde både båsar og bingar i fjøset. Brutto golvflate fjøs var gjennomsnittleg 70 m<sup>2</sup>. Av dette var 17 m<sup>2</sup> nytta til bingar, og der var gjennomsnittleg 8 båsplassar. 44 prosent gav opp at dei hadde båsar, men ikkje bingar. Gjennomsnittstorleiken var 58 m<sup>2</sup>, og der var 8 båsar. For 3 prosent av bruka blei det oppgitt at dei hadde bingar i fjøset, men ikkje båsar. Gjennomsnittleg golvflate var 51 m<sup>2</sup>, og av dette var 37 m<sup>2</sup> nytta til bingar.

Av samla golvareal bingje i fjøs var 13 prosent oppgitt å vere med spaltegolv. Ein har elles ikkje fleire detaljoppgåver om bingane.

Talet på båsar fordelte seg med 83 prosent på langbåsar, 16 prosent på kortbåsar og 1 prosent på spaltefeltbåsar.

Frå 83 prosent av bruka med fjøs fekk ein oppgåve over ventilasjonen i fjøset. 42 prosent av desse hadde ikkje noko særskilt ventilasjonssystem, men måtte luften gjennom dør, vindauge eller fôrluke. 47 prosent hadde avtrekkspipe. Teljinga gav ikkje opplysningar om dimensjonar og utforming av pipene. Det var ventilasjonsvifte på 11 prosent av bruka med oppgåve.

Knapt 20 prosent av bruka med fjøs gav opp at dei hadde mjølke- og vaskerom som birom til fjøset. 58 prosent av desse gav opp at dei hadde mjølkekum utan elektrisk kjøling, 35 prosent at dei hadde elektrisk kjøling i kum eller kjølerom. 37 prosent hadde varmtvatnbeholdar.

#### i. Husdyrhaldet ved dei undersøkte bruka

I avsnittet om husdyrhaldet (side 10) er det ein omtale av den vanlege husdyrstatistikken med utrekna totaltal for fylka og riket. Bygningsteljinga i 1963 gav høve til ein særskild analyse av husdyrhaldet på dei undersøkte bruka, med omsyn til dyreslag og samla buskapsstorleik.

Talet på bruk med dei ymse slag husdyr gjekk mykje attende frå 1949 til 1959, og denne utviklinga har halde fram, slik tala nedanfor syner:

	Prosent bruk over 5 dekar		
	1949	1959	1963
Med hest .....	61,1	48,2	35,9
» ku .....	90,2	74,7	..
» storfe .....	..	76,4	66,8
» sau .....	64,2	51,0	44,0
» geit .....	8,3	3,5	..
» svin .....	55,8	42,9	34,0
» høns .....	165,0	143,2	34,7
Brak i alt med husdyr .....	..	90,6	82,4
» » » utan » .....	..	9,4	17,6

<sup>1</sup> Vaksne.

Ein må her vere merksam på at somme av bruka utan husdyrhald i 1963 var bruk som var nedlagde som sjølvstendige brukseiningar i tida 1959—1963. Om lag  $\frac{1}{3}$  av bruka med 5,1—20 dekar i 1959 var utan husdyr i 1963, medan berre 6—7 prosent av bruk over 50 dekar var husdyrlause.

Bruka med husdyr i 1963 er grupperte med omsyn til om dei hadde storfe, sau, svin eller høns, eller kombinasjonar av desse slaga. 23 prosent hadde berre eitt av desse dyreslaga, og 76 prosent hadde to eller fleire. Hest og geit er haldne utanom denne grupperinga. Av alle bruk med husdyr var det 1 prosent som berre hadde hest eller geit.

Bruk med husdyr er også grupperte etter samla husdyrhald, utrekna i einingar etter den plassen dei treng. (1 eining = 1 m<sup>2</sup>, sjå om utrekninga side 24). Somme av dei større bruka hadde berre små buskapar, og nokre få av dei minste bruka hadde særleg stor buskap. I gjennomsnitt for bruka (utan eller med buskap) var den samla buskapen på 53 einingar, svarande til om lag 10 storfe. I gjennomsnitt for bruk med husdyr var samla buskap på 64 einingar, svarande til 11—12 storfe. Ein må vere merksam på at omrekningstala her ikkje svarar til det som tidlegare har vore nytta til utrekning av «kyrlag» og liknande husdyreiningar.

Bruk med oppgåve over husdyrrom hadde nær 65 einingar som gjennomsnittleg buskap. Desse bruka hadde nær 97 m<sup>2</sup> husdyrrom og såleis meir husrom enn buskapen i 1963 trong. (Sjå elles side 22 om bruken av driftsbygningar og husdyrrom.)

Utrekna på same måten var gjennomsnittleg buskap i 1959 på 56 einingar pr. bruk over 5 dekar, og 62 einingar på bruk med buskap. Talet på bruk med buskap har såleis gått meir attende enn talet på husdyr, slik at gjennomsnittleg buskap har auka noko, om lag 3 prosent.

### English summary

According to the 1963 sample survey of agriculture the total area under grain increased by 1 per cent compared with the previous year. A decrease in the area under wheat, rye and oats was more than offset by the increase in the barley area.

The 1963 production of agricultural crops and vegetables was fairly good, but the fruit yield was considerably below average.

The number of horses fell continuously. There was also a decrease in the number of cattle, swine and poultry compared with 1962, whereas the number of sheep and goats rose slightly.

Preliminary figures on output of livestock products indicate a decrease compared with 1962 in the production of meat, pork and eggs, whereas production of milk and wool increased.

A sample survey of buildings in agriculture in 1963 showed that the average ground area of farm buildings on holdings with more than 5 decares of agricultural land was 220 m<sup>2</sup>. 75 per cent of this ground area consisted of barns with livestock rooms.

Permanent grass-silos were found on 30 per cent of the holdings.

Among the holdings with agricultural buildings about 2 per cent had no livestock rooms, 12 per cent had livestock rooms but no livestock, and 86 per cent had both livestock rooms and livestock. As for the latter group the estimated space requirements of the recorded number of livestock represented 67 per cent of the total livestock room area.

## **Tabellar**

Tabell 1. Landarealet i dei einiskilde fylke.

*Land area by counties.*

Fylke	Fulldyrka jord <sup>1</sup>	Natureng og overflatedyrka jord <sup>1</sup>	Produktiv skog <sup>2</sup>	Anna areal		Samla landareal
				Under skoggrensa	Over skoggrensa	
				Km <sup>2</sup>		
Østfold .....	753,31	38,55	1 980,91	1 115,29	—	3 888,06
Akershus og Oslo .....	814,71	66,78	2 977,59	1 165,10	—	5 024,18
Hedmark .....	886,91	148,70	12 578,83	4 896,02	7 781,08	26 291,54
Oppland .....	716,16	185,76	6 301,81	4 496,88	12 558,83	24 259,44
Buskerud .....	449,20	77,71	4 957,19	2 474,01	5 888,47	13 846,58
Vestfold .....	454,92	25,77	1 206,64	574,45	—	2 261,78
Telemark .....	276,88	59,14	4 309,33	4 418,02	5 203,63	14 267,00
Aust-Agder .....	143,31	17,79	3 028,52	2 473,21	2 966,50	8 629,33
Vest-Agder .....	187,75	36,66	1 747,21	2 311,69	2 544,74	6 828,05
Rogaland .....	448,06	185,75	614,22	5 027,80	2 281,45	8 557,28
Hordaland og Bergen ....	342,06	213,27	1 571,05	5 957,71	6 840,63	14 924,72
Sogn og Fjordane .....	278,32	205,63	1 736,90	6 383,36	9 237,38	17 841,59
Møre og Romsdal .....	434,29	174,69	1 869,77	6 041,45	6 160,46	14 680,66
Sør-Trøndelag .....	628,00	82,14	3 945,28	5 327,47	7 980,13	17 963,02
Nord-Trøndelag .....	668,87	53,29	5 965,54	4 932,65	9 496,71	21 117,06
Nordland .....	523,65	194,38	4 809,08	5 627,46	25 131,89	36 286,46
Troms .....	303,54	98,45	3 500,22	5 715,69	15 915,82	25 533,72
Finmark .....	83,40	43,86	7 157,46	6 883,67	32 379,78	46 548,17
I alt .....	8 393,34	1 908,32	70 257,55	75 821,93	152 367,50	308 748,64
				Prosent		
Østfold .....	19,4	1,0	50,9	28,7	—	100
Akershus og Oslo .....	16,2	1,3	59,3	23,2	—	100
Hedmark .....	3,4	0,6	47,8	18,6	29,6	100
Oppland .....	2,9	0,8	26,0	18,5	51,8	100
Buskerud .....	3,2	0,6	35,8	17,9	42,5	100
Vestfold .....	20,1	1,1	53,4	25,4	—	100
Telemark .....	1,9	0,4	30,2	31,0	36,5	100
Aust-Agder .....	1,6	0,2	35,1	28,7	34,4	100
Vest-Agder .....	2,7	0,5	25,6	33,9	37,3	100
Rogaland .....	5,2	2,2	7,2	58,7	26,7	100
Hordaland og Bergen ....	2,3	1,4	10,5	39,9	45,9	100
Sogn og Fjordane .....	1,6	1,1	9,7	35,8	51,8	100
Møre og Romsdal .....	3,0	1,2	12,7	41,1	42,0	100
Sør-Trøndelag .....	3,5	0,5	22,0	29,6	44,4	100
Nord-Trøndelag .....	3,2	0,2	28,2	23,4	45,0	100
Nordland .....	1,4	0,5	13,3	15,5	69,3	100
Troms .....	1,2	0,4	13,7	22,4	62,3	100
Finmark .....	0,2	0,1	15,4	14,8	69,5	100
I alt .....	2,7	0,6	22,8	24,6	49,3	100

<sup>1</sup> Jordbruksteljinga 1959. <sup>2</sup> Skogbruksteljinga 1957.

Tabell 2. Jordbruksarealet etter bruken. 1 000 dekar.

*Agricultural area by use. 1000 decares.*

År	Korn og erter	Grøn-før	Poteter	Rot-vokst-rar	Grøn-saker	Annan åker og hage	Åker og hage i alt	Eng til slått	Kultur-beite
1959.....	2 182	114	553	152	55	423	3 479	5 067	1 562
1960.....	2 230	97	568	161	52	401	3 509	5 059	1 567
1961.....	2 283	91	533	159	55	375	3 496	5 015	1 527
1962.....	2 296	109	504	160	54	408	3 531	4 851	1 544
1963.....	2 324	98	516	147	64	422	3 571	4 870	1 535

Tabell 3. Arealet av dei ymse jordbruksvokstrar.  
Area of different crops

	Areal i dekar			Endring 1959—1963		Endring 1962—1963					
	1959	1962	1963	I dekar	I pst.	I dekar	I pst.				
Kveite .....	92 555	97 441	69 479	—	23 076	—	24,9	—	27 962	—	28,7
Rug .....	10 831	17 787	11 450	+	619	+	5,7	—	6 337	—	35,6
Bygg .....	1 409 303	1 640 594	1 793 400	+	384 097	+	27,3	+	152 806	+	9,3
Havre .....	647 043	529 378	439 366	—	207 677	—	32,1	—	90 012	—	17,0
Blandkorn .....	20 263	10 024	9 606	—	10 657	—	52,6	—	418	—	4,2
Erter .....	1 685	501	226	—	1 459	—	86,6	—	275	—	55,0
Korn og erter i alt ..	2 181 680	2 295 725	2 323 527	+	141 847	+	6,5	+	27 802	+	1,2
Grønfor .....	114 109	109 356	98 039	—	16 070	—	14,1	—	11 317	—	10,3
Poteter .....	552 478	503 780	516 403	—	36 075	—	6,5	+	12 623	+	2,5
Fôrnepe .....	35 382	38 735	37 568	+	2 186	+	6,2	—	1 167	—	3,0
Kålrot .....	81 514	79 717	73 348	—	8 166	—	10,0	—	6 369	—	8,0
Fôrbete .....	13 799	14 354	8 069	—	5 730	—	41,5	—	6 285	—	43,8
Fôrmergkål .....	21 114	26 693	27 680	+	6 566	+	31,3	+	987	+	3,7
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt ..	151 809	159 499	146 665	—	5 144	—	3,4	—	12 834	—	8,0
Grønsaker .....	54 485	54 144	63 651	+	9 166	+	16,8	+	9 507	+	17,6
Jordbær .....	8 706	300 055	303 566	—	25 623	—	7,8	+	3 511	+	1,2
Bringebær .....	4 392										
Andre vokstrar på åker og i hage ...	316 091										
Brakk .....	95 023	108 071	118 922	+	23 899	+	25,2	+	10 851	+	10,0
Åker- og hageareal i alt .....	3 478 773	3 530 630	3 570 773	+	92 000	+	2,6	+	40 143	+	1,1
Eng til slått:											
Fulldyrka .....	4 303 025	4 235 459	4 267 047	—	35 978	—	0,8	+	31 588	+	0,7
Natureng og over- flatedyrka .....	763 496	615 646	603 412	—	160 084	—	21,0	—	12 234	—	2,0
Kultarbeite:											
Fulldyrka .....	560 786	614 335	595 733	+	34 947	+	6,2	—	18 602	—	3,0
Natureng og over- flatedyrka .....	1 001 119	929 205	939 226	—	61 893	—	6,2	+	10 021	+	1,1
Eng ikkje nytta:											
Fulldyrka .....	50 753	100 383	119 276	+	68 523	+	135,0	+	18 893	+	18,8
Natureng og over- flatedyrka .....	143 709	214 280	206 358	+	62 649	+	43,6	—	7 922	—	3,7
Jordbruksareal i alt.	10 301 661	10 239 938	10 301 825	+	164	+	0,0	+	61 887	+	0,6
Av dette fulldyrka ..	8 393 337	8 480 807	8 552 829	+	159 492	+	1,9	+	72 022	+	0,8







**Tabell 5. Åker- og hageareal i dei einsskille fylke. 1963 i prosent av 1959 og 1962.**  
*Arable and horticultural land by counties. 1963 as percentage of 1959 and 1962.*

	Korn og ertter	Poteter	Rotvokstrar	Annar åker og hage	Åker og hage i alt
a) 1959 = 100.					
Østfold .....	110,7	84,6	95,0	110,8	108,1
Akershus og Oslo .....	101,3	82,1	103,2	102,0	99,9
Hedmark .....	110,2	95,1	93,4	97,7	106,2
Oppland .....	103,5	99,0	103,4	90,5	101,1
Buskerud .....	100,1	91,0	93,9	99,7	99,1
Vestfold .....	113,0	94,4	85,7	117,9	110,4
Telemark .....	113,7	94,7	87,1	93,4	103,5
Aust-Agder .....	110,0	92,5	107,1	99,1	100,9
Vest-Agder .....	74,5	92,0	88,1	100,9	90,4
Rogaland .....	96,2	91,3	90,1	104,5	95,5
Hordaland og Bergen .....	58,4	70,1	115,6	90,3	90,1
Sogn og Fjordane .....	91,9	98,0	81,3	102,0	98,5
Møre og Romsdal .....	94,0	93,5	88,8	98,4	94,8
Sør-Trøndelag .....	105,3	100,0	108,4	97,6	103,6
Nord-Trøndelag .....	111,0	94,4	108,2	94,3	106,6
Nordland .....	93,6	97,4	166,7	84,5	93,0
Troms .....	17,6	94,8	130,2	65,1	81,5
Finnmark .....	—	118,8	157,5	35,9	53,4
I alt .....	106,5	93,5	96,6	98,5	102,6
b) 1962 = 100.					
Østfold .....	104,3	101,3	85,5	102,2	103,2
Akershus og Oslo .....	99,6	97,5	91,9	101,0	99,4
Hedmark .....	102,7	105,6	90,7	128,4	104,8
Oppland .....	99,0	105,9	101,1	91,6	99,3
Buskerud .....	101,1	103,1	91,3	99,3	100,6
Vestfold .....	102,4	108,4	89,2	108,4	103,4
Telemark .....	107,9	101,9	92,8	96,1	103,0
Aust-Agder .....	101,4	96,2	83,9	105,0	99,9
Vest-Agder .....	88,8	95,3	89,1	109,3	98,5
Rogaland .....	90,9	103,2	96,3	109,0	98,0
Hordaland og Bergen .....	74,6	97,1	98,8	94,8	95,1
Sogn og Fjordane .....	100,3	100,2	83,0	101,4	99,6
Møre og Romsdal .....	96,2	99,7	93,6	102,3	99,0
Sør-Trøndelag .....	100,4	102,6	96,2	93,0	99,6
Nord-Trøndelag .....	101,3	100,8	90,0	90,7	99,9
Nordland .....	93,7	104,5	90,1	90,8	97,5
Troms .....	25,0	102,4	92,3	104,0	102,3
Finnmark .....	—	116,8	53,8	154,8	131,7
I alt .....	101,2	102,5	92,0	102,2	101,1

**Tabell 6. Dyrking og grøfting med statstilskot. Dekar.**  
*New cultivation and ditching with governm. subsidies. Decares.*

	Fulldyrka	Overflate- dyrka	Grøfting av tidlegare dyrka jord
1959.....	100 131	25 727	91 610
1960.....	88 716	25 219	68 763
1961.....	78 328	22 285	71 910
1962.....	61 510	16 245	68 305
1963.....	58 634	14 793	71 524

**Tabell 7. Dyrking og grøfting med statstilskot i dei einskilde fylke.**  
*Subsidized cultivation and ditching by counties.*

	Fulldyrka		Overflatedyrka		Grøfting av tidlegare dyrka jord	
	1962	1963	1962	1963	1962	1963
Dekar						
Østfold .....	237	355	19	6	11 571	13 811
Akershus.....	987	834	—	14	8 167	6 322
Hedmark .....	4 543	3 970	92	110	5 507	7 197
Oppland .....	7 043	4 871	478	505	2 945	2 083
Buskerud .....	1 413	1 156	347	355	2 962	2 548
Vestfold .....	665	576	10	—	7 259	7 292
Telemark .....	574	481	162	100	2 867	3 330
Aust-Agder.....	420	372	84	48	856	1 387
Vest-Agder.....	672	588	344	330	544	815
Rogaland .....	3 159	2 565	2 549	2 434	2 195	1 848
Hordaland .....	2 657	1 964	2 856	2 703	797	835
Sogn og Fjordane.....	2 616	2 292	1 335	1 412	407	281
Møre og Romsdal .....	5 236	6 153	1 318	1 366	2 795	2 775
Sør-Trøndelag .....	6 473	6 788	996	817	5 308	5 406
Nord-Trøndelag .....	6 827	8 238	587	696	8 310	10 057
Nordland .....	8 283	7 937	3 219	2 513	4 498	4 123
Troms .....	6 418	6 385	1 734	1 307	1 085	1 133
Finnmark .....	3 287	3 109	115	77	232	281
I alt.....	61 510	58 634	16 245	14 793	68 305	71 524
Prosent						
Østfold .....	0,4	0,6	0,1	0,0	16,7	19,3
Akershus og Oslo .....	1,6	1,4	—	0,1	12,0	8,8
Hedmark .....	7,4	6,8	0,6	0,8	8,1	10,1
Oppland .....	11,5	8,3	2,9	3,4	4,3	2,9
Buskerud .....	2,3	2,0	2,1	2,4	4,3	3,6
Vestfold .....	1,1	1,0	0,1	—	10,6	10,2
Telemark .....	0,9	0,8	1,0	0,7	4,2	4,6
Aust-Agder.....	0,7	0,6	0,5	0,3	1,3	1,9
Vest-Agder.....	1,1	1,0	2,1	2,2	0,8	1,1
Rogaland .....	5,1	4,4	15,7	16,5	3,3	2,6
Hordaland og Bergen.....	4,3	3,4	17,6	18,3	1,2	1,2
Sogn og Fjordane .....	4,3	3,9	8,2	9,6	0,6	0,4
Møre og Romsdal .....	8,5	10,5	8,1	9,2	4,1	3,9
Sør-Trøndelag .....	10,5	11,6	6,1	5,5	7,8	7,5
Nord-Trøndelag .....	11,1	14,0	3,6	4,7	12,2	14,1
Nordland .....	13,5	13,5	19,8	17,0	6,6	5,8
Troms .....	10,4	10,9	10,8	8,8	1,6	1,6
Finnmark .....	5,3	5,3	0,7	0,5	0,3	0,4
I alt.....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

**Tabell 8. Avlinga i jordbruket. 1 000 tonn.**  
*Agricultural production. 1000 tons.*

År	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Korn og erter i alt <sup>1</sup>	Grøn-før	Pote-ter	Rot-vokst-rar	Høy i alt	Halm	Fôr-ein-ingar i alt <sup>2</sup>
1959.....	20	2	304	117	448	57	1 071	673	2 753	408	1 959
1960.....	23	4	399	173	606	54	1 247	836	3 034	662	2 338
1961.....	27	3	428	174	637	48	1 222	850	2 936	652	2 322
1962.....	20	4	343	107	476	55	919	643	2 809	665	2 037
1963.....	18	3	463	113	599	54	1 218	747	2 837	647	2 242

<sup>1</sup> Blandkorn og erter til mogning rekna med. <sup>2</sup> Millionar f.e. Ved omrekninga til føreiningar har ein rekna: 1 f.e. = 1 kg kveite, rug, bygg og erter, 1,2 kg havre, 1,1 kg blandkorn, 4,5 kg poteter, 9 kg kålrot, førbete og førmergkål, 12 kg førnepe, 2,5 kg høy, 4,1 kg halm og 2,5 kg tørt grønfør. Desse omrekningfaktorane er nytta for alle år, utan omsyn til kvaliteten av avlinga. Beita er ikkje med i den avlingsmengda som tabellen syner. I 1959 blei det rekna med om lag 890 mill. føreiningar frå beite. Av dette var 380 mill. f.e. frå utmarksbeite.

**Tabell 9. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar. 1963.**  
*Agricultural crops. 1963.*

	Areal Dekar	Avling		Prosent av eit middelsår <sup>1</sup>	Kvali-tet <sup>2</sup>
		Kg pr. dekar	Tonn		
Kveite .....	69 479	255	17 723	94	3,4
Rug .....	11 450	230	2 628	87	3,1
Bygg .....	1 793 400	258	463 224	96	3,9
Havre .....	439 366	257	112 817	95	3,6
Blandkorn .....	9 606	267	2 565	99	3,8
Erter .....	226	239	54	102	..
Korn og erter i alt .....	2 323 527	258	599 011	96	3,8
Poteter .....	516 403	2 358	1 217 712	100	3,7
Førnepe .....	37 568	5 370	201 755	104	4,0
Kålrot .....	73 348	4 860	356 492	96	3,9
Førbete .....	8 069	4 371	35 272	83	4,1
Førmergkål .....	27 680	5 540	153 342	99	4,3
Grønfør (tørt).....	98 039	551	54 058	99	3,9
Høy frå eng på fulldyrka jord .....	4 267 047	611	2 605 677	98	4,1
Høy frå natureng og overflatedyrka jord .....	603 412	383	231 158	96	3,7
Halm .....	2 323 527	279	647 187	96	3,8
I alt 1 000 f.e. ....			2 242 165	97	

<sup>1</sup> Nemninga «middelsår» gjeld den avlingsmengd ein reknar med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skiplar avlingsvonene. Det er berre høyet som gjennom ei lengre årrekkje kjem opp i om lag 100 prosent av middelsårsavling. For åkervokstrane ligg middelsprosentane for åra etter 1900 mellom 88 og 92, og for samla avling på 95 prosent. <sup>2</sup> Kvalitetsgradering: 5 = særst god, 4 = mykje god, 3 = god, 2 = mindre god, 1 = dårleg.

**Tabell 10. Avlinga i dei einiskilde fylke rekna i 1000 f.e.**  
*Agricultural production by counties, in terms of feeding units.*

	Avling i 1000 f.e.			I prosent av middelsår		
	1961	1962	1963	1961	1962	1963
Østfold .....	204 418	167 270	191 926	103,4	84,8	97,3
Akershus og Oslo .....	205 769	161 572	183 172	106,9	83,7	96,0
Hedmark .....	268 456	205 461	257 117	105,6	79,2	100,6
Oppland .....	232 070	185 136	219 963	105,5	84,7	102,4
Buskerud .....	120 908	108 218	113 948	107,1	95,2	100,9
Vestfold .....	134 858	115 216	117 188	109,9	91,1	93,2
Telemark .....	67 256	55 035	59 086	105,8	89,8	98,2
Aust-Agder .....	32 489	27 468	30 665	105,3	89,9	97,1
Vest-Agder .....	42 169	36 187	34 953	102,0	88,3	88,7
Rogaland .....	134 735	134 212	135 619	94,1	94,0	94,2
Hordaland og Bergen .....	96 403	91 103	96 351	97,1	91,6	99,8
Sogn og Fjordane .....	88 553	93 547	98 932	92,0	95,9	101,2
Møre og Romsdal .....	121 613	125 589	131 219	90,2	94,0	94,2
Sør-Trøndelag .....	159 334	150 789	167 246	95,2	90,0	98,6
Nord-Trøndelag .....	176 514	159 435	176 817	95,4	86,9	96,2
Nordland .....	131 877	130 015	129 103	97,3	95,7	94,2
Troms .....	80 678	68 247	76 061	100,2	85,6	94,1
Finnmark .....	23 518	22 575	22 799	104,5	96,0	90,5
I alt .....	2 321 618	2 037 075	2 242 165	100,9	88,4	97,4

**Tabell 11. Avling pr. dekar. Yield per decare.**

	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Bland- korn	Pote- ter	Fôr- nepe	Kål- rot	Høy frå		F.e. pr. dekar hausta areal
									eng på full- dyrka jord	natur- eng og over- flate- dyrka	
Avling i kg pr. dekar											
a.											
1955—59 .....	216	226	233	215	224	2 032	4 397	4 220	555	343	248
1959 .....	215	214	216	182	170	1 938	4 766	3 983	574	368	243
1960 .....	251	255	276	266	277	2 196	4 903	5 111	634	398	288
1961 .....	283	304	278	280	281	2 293	4 829	5 551	617	374	287
1962 .....	208	222	209	202	202	1 825	4 173	3 767	609	375	257
1963 .....	255	230	258	257	267	2 358	5 370	4 860	611	383	282
b.											
Avling i prosent av middelsår											
1955—59 .....	86	90	87	83	84	88	89	88	95	95	91
1959 .....	81	81	79	70	65	83	94	79	97	98	87
1960 .....	98	95	103	101	104	95	97	104	105	104	103
1961 .....	105	111	103	105	104	98	95	107	101	99	101
1962 .....	75	80	75	72	73	77	83	75	98	94	88
1963 .....	94	87	96	95	99	100	104	96	98	96	97
c.											
Utrekna middelsårsavling i kg pr. dekar											
1959 .....	267	263	273	260	264	2 343	5 082	5 031	594	374	278
1960 .....	257	267	268	263	267	2 305	5 033	4 934	602	382	280
1961 .....	269	275	271	268	270	2 348	5 085	5 190	610	377	285
1962 .....	279	279	277	279	277	2 360	5 054	5 045	621	399	291
1963 .....	272	264	269	271	269	2 353	5 156	5 055	624	397	289

Tabell 12. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar i dei einssilde

	Østfold	Akershus og Oslo	Hed- mark	Oppland	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark	Aust- Agder
<i>Samla avling i tonn</i>								
Kveite .....	2 164	1 415	4 167	1 579	849	848	562	15
Rug .....	391	216	171	678	157	732	101	—
Bygg .....	74 744	56 833	80 188	58 032	32 312	48 424	9 191	2 385
Havre .....	19 101	26 621	23 548	4 092	7 434	10 125	3 971	629
Korn og erter i alt .....	96 758	85 731	108 248	65 299	41 071	60 170	13 826	3 044
Poteter .....	64 833	67 423	145 123	148 634	44 620	72 241	32 204	20 678
Fôrnepe .....	1 682	2 481	21 925	15 923	2 839	2 734	1 157	1 311
Kålrot .....	54 334	53 890	45 354	20 261	23 710	42 427	13 574	9 619
Fôrbete .....	2 018	297	662	338	1 367	1 676	375	1 604
Fôrmergkål .....	14 480	21 885	15 234	12 009	5 992	7 966	2 178	592
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt	72 514	78 553	83 175	48 531	33 908	54 803	17 284	13 126
Høy frå fulldyrka eng .....	122 059	133 902	199 552	223 072	104 737	53 812	78 244	49 921
Høy frå natureng og overflate- dyrka eng .....	1 995	2 539	6 698	15 874	12 249	613	4 966	1 040
Høy i alt .....	124 054	136 441	206 250	238 946	116 986	54 425	83 210	50 961
Grønfør (tørt) .....	421	681	7 314	8 509	2 659	368	877	795
Halm .....	107 327	96 123	108 650	75 710	51 984	60 364	13 297	4 133
<i>Samla avling i 1000 f.e.</i>								
Kveite .....	2 164	1 415	4 167	1 579	849	848	562	15
Rug .....	391	216	171	678	157	732	101	—
Bygg .....	74 744	56 833	80 188	58 032	32 312	48 424	9 191	2 385
Havre .....	15 918	22 184	19 623	3 410	6 195	8 438	3 309	524
Korn og erter i alt .....	93 542	81 235	104 309	64 534	39 804	58 481	13 164	2 938
Poteter .....	14 407	14 983	32 250	33 030	9 916	16 054	7 156	4 595
Fôrnepe .....	140	207	1 827	1 327	237	228	96	109
Kålrot .....	6 037	5 988	5 039	2 251	2 635	4 714	1 508	1 069
Fôrbete .....	224	33	74	38	152	186	42	178
Fôrmergkål .....	1 609	2 432	1 693	1 334	666	885	242	66
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt	8 010	8 660	8 633	4 950	3 690	6 013	1 888	1 422
Høy frå fulldyrka eng .....	48 824	53 561	79 821	89 229	41 895	21 525	31 298	19 968
Høy frå natureng og overflate- dyrka eng .....	798	1 016	2 679	6 350	4 900	245	1 986	416
Høy i alt .....	49 622	54 577	82 500	95 579	46 795	21 770	33 284	20 384
Grønfør (tørt) .....	168	272	2 925	3 404	1 064	147	351	318
Halm .....	26 177	23 445	26 500	18 466	12 679	14 723	3 243	1 008
I alt .....	191 926	183 172	257 117	219 963	113 948	117 188	59 086	30 665

fylke. 1963. *Agricultural crops by counties. 1963.*

Vest-Agder	Roga-land	Hordaland og Bergen	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark	I alt
41	880	—	3	381	1 037	3 782	—	—	—	17 723
47	28	—	—	5	88	14	—	—	—	2 628
1 326	11 898	370	496	6 038	30 093	49 216	1 669	9	—	463 224
197	7 402	29	32	780	3 967	4 686	203	—	—	112 817
1 611	20 208	399	531	7 227	35 271	57 736	1 872	9	—	599 011
17 326	99 722	42 502	49 183	79 623	88 227	140 739	69 972	31 149	3 513	1 217 712
964	24 781	2 944	4 938	22 026	35 274	54 607	5 506	460	203	201 755
4 828	37 492	9 131	5 842	10 215	5 894	17 448	1 587	875	11	356 492
1 796	23 847	364	190	255	430	40	13	—	—	35 272
4 379	43 952	5 468	3 448	3 136	5 652	6 144	827	—	—	153 342
11 967	130 072	17 907	14 418	35 632	47 250	78 239	7 933	1 335	214	746 861
64 966	176 571	168 174	165 015	229 791	238 490	165 115	237 907	149 684	44 665	2 605 677
2 640	6 274	40 679	47 633	17 443	5 525	1 984	32 993	19 930	10 083	231 158
67 606	182 845	208 853	212 648	247 234	244 015	167 099	270 900	169 614	54 748	2 836 835
1 748	5 776	2 300	1 980	5 284	5 054	1 832	5 340	2 867	253	54 058
1 977	21 619	586	657	8 511	37 469	56 750	2 017	13	—	647 187
41	880	—	3	381	1 037	3 782	—	—	—	17 723
47	28	—	—	5	88	14	—	—	—	2 628
1 326	11 898	370	496	6 038	30 093	49 216	1 669	9	—	463 224
164	6 168	24	27	650	3 306	3 905	169	—	—	94 014
1 578	18 974	394	526	7 095	34 602	56 952	1 838	9	—	579 975
3 850	22 160	9 445	10 930	17 694	19 606	31 275	15 549	6 922	781	270 603
80	2 065	245	412	1 836	2 940	4 550	459	38	17	16 813
536	4 166	1 015	649	1 135	655	1 939	176	97	1	39 610
200	2 650	40	21	28	48	4	1	—	—	3 919
486	4 883	608	383	348	628	683	92	—	—	17 038
1 302	13 764	1 908	1 465	3 347	4 271	7 176	728	135	18	77 380
25 986	70 628	67 270	66 006	91 916	95 396	66 046	95 163	59 873	17 866	1 042 271
1 056	2 510	16 271	19 053	6 977	2 210	794	13 197	7 972	4 033	92 463
27 042	73 138	83 541	85 059	98 893	97 606	66 840	108 360	67 845	21 899	1 134 734
699	2 310	920	792	2 114	2 022	733	2 136	1 147	101	21 623
482	5 273	143	160	2 076	9 139	13 841	492	3	—	157 850
34 953	135 619	96 351	98 932	131 219	167 246	176 817	129 103	76 061	22 799	2 242 165

Tabell 12 (framh.). Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar i dei

	Østfold	Akershus og Oslo	Hed- mark	Oppland	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark	Aust- Agder
<i>Relative tal. F. e. i alt = 100</i>								
Kveite .....	1,1	0,8	1,6	0,7	0,7	0,7	1,0	0,1
Rug .....	0,2	0,1	0,1	0,3	0,1	0,6	0,2	—
Bygg .....	38,9	31,0	31,2	26,4	28,4	41,3	15,6	7,8
Havre .....	8,3	12,1	7,6	1,6	5,4	7,2	5,6	1,7
Korn og erter i alt .....	48,7	44,3	40,6	29,3	34,9	49,9	22,3	9,6
Poteter .....	7,5	8,2	12,5	15,0	8,7	13,7	12,1	15,0
Fôrnepe .....	0,1	0,1	0,7	0,6	0,2	0,2	0,2	0,3
Kålrot .....	3,2	3,3	2,0	1,0	2,3	4,0	2,5	3,5
Fôrbete .....	0,1	—	—	—	0,1	0,2	0,1	0,6
Fôrmergkål .....	0,8	1,3	0,7	0,6	0,6	0,7	0,4	0,2
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt .....	4,2	4,7	3,4	2,2	3,2	5,1	3,2	4,6
Høy frå fulldyrka eng .....	25,5	29,2	31,1	40,6	36,8	18,4	53,0	65,1
Høy frå natureng og overflate- dyrka eng .....	0,4	0,6	1,0	2,9	4,3	0,2	3,3	1,4
Høy i alt .....	25,9	29,8	32,1	43,5	41,1	18,6	56,3	66,5
Grønfor (tørt) .....	0,1	0,2	1,1	1,6	1,0	0,1	0,6	1,0
Halm .....	13,6	12,8	10,3	8,4	11,1	12,6	5,5	3,3
I alt .....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
<i>Avling i kg pr. dekar</i>								
Kveite .....	244	221	261	279	217	215	198	229
Rug .....	236	250	230	240	213	214	220	—
Bygg .....	259	242	268	261	249	268	224	225
Havre .....	251	244	271	255	243	261	235	247
Korn og erter i alt .....	257	242	268	261	247	265	226	229
Poteter .....	2 166	2 071	2 254	2 490	2 311	2 122	1 905	1 968
Fôrnepe .....	5 036	5 500	5 619	5 472	6 633	5 350	4 483	5 350
Kålrot .....	4 826	5 046	4 987	4 854	5 152	5 294	4 335	4 688
Fôrbete .....	5 033	4 500	4 500	4 500	3 850	4 200	3 375	3 588
Fôrmergkål .....	5 460	5 000	5 271	5 928	5 275	5 350	5 856	5 529
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt .....	4 951	5 044	5 187	5 284	5 200	5 263	4 464	4 604
Høy frå fulldyrka eng .....	606	603	610	627	643	607	567	575
Høy frå natureng og overflate- dyrka eng .....	220	325	264	353	378	320	351	314
Høy i alt .....	590	594	586	596	599	601	547	566
Grønfor (tørt) .....	500	500	599	592	648	500	500	459
Halm .....	285	272	269	303	313	266	217	312



einskilde fylke. 1963. *Agricultural crops by counties. 1963.*

Vest-Agder	Rogaland	Hordaland og Bergen	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark	I alt
0,1	0,6	—	—	0,3	0,6	2,1	—	—	—	0,8
0,1	—	—	—	—	0,1	—	—	—	—	0,1
3,8	8,8	0,4	0,5	4,6	18,0	27,8	1,3	—	—	20,7
0,5	4,5	—	—	0,5	2,0	2,2	0,1	—	—	4,2
4,5	14,0	0,4	0,5	5,4	20,7	32,2	1,4	—	—	25,9
11,0	16,3	9,8	11,0	13,5	11,7	17,7	12,0	9,1	3,4	12,1
0,2	1,5	0,3	0,4	1,4	1,8	2,6	0,4	0,1	0,1	0,7
1,5	3,1	1,1	0,7	0,9	0,4	1,1	0,1	0,1	—	1,8
0,6	2,0	—	—	—	—	—	—	—	—	0,2
1,4	3,6	0,6	0,4	0,3	0,4	0,4	0,1	—	—	0,7
3,7	10,2	2,0	1,5	2,6	2,6	4,1	0,6	0,2	0,1	3,4
74,4	52,1	69,8	66,7	70,0	57,0	37,4	73,7	78,7	78,4	46,5
3,0	1,8	16,9	19,3	5,3	1,3	0,4	10,2	10,5	17,7	4,1
77,4	53,9	86,7	86,0	75,3	58,3	37,8	83,9	89,2	96,1	50,6
2,0	1,7	1,0	0,8	1,6	1,2	0,4	1,7	1,5	0,4	1,0
1,4	3,9	0,1	0,2	1,6	5,5	7,8	0,4	—	—	7,0
100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
213	292	—	230	269	292	277	—	—	—	255
200	350	—	—	250	250	250	—	—	—	230
206	299	234	271	269	279	247	251	215	—	258
223	292	280	250	290	298	245	258	—	—	257
208	296	237	270	271	281	248	251	220	—	258
1 740	2 316	2 102	2 562	2 823	2 850	2 705	2 386	2 195	1 840	2 358
4 211	5 074	5 050	5 450	5 595	5 379	5 353	5 094	5 000	3 500	5 370
4 057	4 994	4 283	4 796	4 297	4 321	4 426	3 762	4 756	2 200	4 860
3 535	4 508	4 333	5 000	5 000	5 000	5 000	4 400	—	—	4 371
5 635	6 152	5 586	5 413	6 186	4 450	5 375	4 778	—	—	5 540
